

# Korleis opplever relasjonstraumatisert ungdom i barnevernsinstitusjon dei tilsette i lys av tilknyting- og traumeteori?

Reidar Haug



Masteroppgåve ved det medisinske fakultet  
Psykososialt arbeid vold og traumatisk stress

UNIVERSITETET I OSLO

Dato

25.04.2016

Korleis opplever relasjonstraumatisert ungdom i barnevernsinstitusjon dei tilsette i lys av tilknyting- og traume teori.

@ Reidar Haug

År: 2016

Tittel: Korleis opplever ungdom i barnevernsinstitusjon dei tilsette?

Forfattar: Reidar Haug

<http://www.duo.uio.no>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo



# Samandrag

Forsknings spørsmålet i denne oppgåva er ”Korleis opplever relasjonstraumatisert ungdom i institusjon dei tilsette i lys av tilknytings- og traumeteori. Oppgåva nyttar kvalitativ metode for å intervjuje fem ungdomar med institusjonserfaring, om deira opplevingar i møte med barnevernsinstitusjonen og dei tilsette som arbeider der. Vidare ser eg på ungdomane sine erfaringar i lys av dei to kunnskapsretningane som har prega arbeidet og utviklinga av norske barnevernsinstitusjonar siste åra. Det er det åtferdsterapeutiske og det traumebevisste perspektivet.

Ungdomane i denne oppgåva uttrykker at dei for det meste har det godt og blir møtte av vaksne som vil dei vel. Ungdomane fortel at dei ynskjer å bli behandla med respekt og utvikle gjensidig tillit. Denne tilliten kan vere grunnlag for gode relasjonar med dei vaksne og gi grobottn for eigen utvikling. Samspelet med dei vaksne og synet på plassering i institusjon ser ut til å påverke kor godt ungdomane klarar å fungere innanfor rammene til institusjonen. Ungdomane opplever dei vaksne i størst grad som omsorgspersonar, ikkje som terapeutar som kan hjelpe dei med det som er vanskeleg. Positive eller negative erfaringar med miljøterapeutane kan bli knytte til tidlegare erfaringar med andre vaksne. Dei tilsette blir vurderte ut frå i kva grad dei klarer å tilpasse seg behova til ungdomane. Dette verkar å bidra til å endre eller bekrefte verdsbiletet ungdomane har av vaksne. Eit fleirtal av ungdomane rapporterer at det er opp til dei sjølve å tilpasse seg reglar, oppnå tillit og knyte seg til vaksne. Eit mindretal ser dette i større grad som dei vaksne sitt ansvar. Alle ungdomane rapporterer at dei ynskjer å knyte seg til opne, varme, ekte vaksne som verkeleg bryr seg om dei. Alle ungdomane er, med utgangspunkt i om dei har god eller dårleg relasjon, selektive på kven dei deler og kven dei ikkje deler informasjon med.

Det ungdomane i denne oppgåva uttrykkjer, er tolka inn i eit tilknytningsteoretisk og traumeteoretisk perspektiv. I det ligg at ein ser på utgangspunktet for at ungdomane har det vanskeleg og er plasserte i institusjon, som forklaring på ungdomane sine emosjonsuttrykk. Då er poenget at ein ilag med ungdomane utviklar ei forståing for på kva grunnlag dei handlar. Berre å reagere på emosjonsuttrykka kan endre den ytre åtferda, men treng ikkje å virke inn på det som er utgangspunktet for åtferda.

Ein slik tankegang krev tilsette med relevant klinisk kompetanse. Det er også behov for meir kunnskap om ulike aspekt ved relasjonane mellom tilsette og ungdomane i institusjon



# Forord

Denne oppgåva har blitt til i samarbeid med ein tilpasningsdyktig, raus og fleksibel familie. Eg håpar eg evnar å bidra til at dei får same muligheitene som dei har gitt meg.

Takk til M og P for fagleg, moralsk og språkleg støtte i prosessen. Dei set ein standard eg kan strekkje meg etter.

Postdoktor Egil Nygård ved Psykologisk fakultet Universitetet i Oslo, har vore rettleiar. Han har gitt gode, tydelege og direkte tilbakemeldingar. Det har gjort arbeidet med oppgåva til ein effektiv og god læringsprosess. Målet er å ta med dei faglege og strukturelle standardane og lærdomen frå Nygård ut i praksisfeltet. Takk for samarbeidet.



# Innhald

<b>1 Innleiing</b> .....	<b>1</b>
<b>1.1 Teorigrunnlag</b> .....	<b>2</b>
1.1.1 Traume.....	2
1.1.2 Tilknytningsteori.....	3
1.1.3 Tilknytning og emosjonsregulering.....	4
1.1.4 Traumer og emosjonsregulering.....	5
1.1.5 Teoretisk grunnlag for institusjonsbehandlingsmetodar.....	5
<b>1.2 Omgrepsdefinisjon</b> .....	<b>9</b>
1.2.1 Miljøterapi.....	9
1.2.2 Relasjon.....	9
1.2.3 Tillit og tryggleik.....	10
1.2.4 Emosjonsregulering.....	10
<b>1.3 Empiri</b> .....	<b>11</b>
1.3.1 Livskvalitet og helsetilstand hjå ungdom i barnevernsinstitusjonar.....	11
1.3.2 Korleis er det (oppfyller miljøterapeutar ynskja og behova til ungdomane)?.....	12
<b>1.4 Mitt bidrag</b> .....	<b>15</b>
<b>2 Metode</b> .....	<b>16</b>
<b>2.1 Populasjon og utval</b> .....	<b>16</b>
2.1.1 Informantane.....	17
<b>2.2 Etske vurderingar</b> .....	<b>17</b>
2.2.1 Etik og informantar.....	17
2.2.2 Etik i intervjuet.....	18
<b>2.3 Det kvalitative intervjuet</b> .....	<b>19</b>
2.3.1 Intervjuguiden.....	20
<b>2.4 Prosedyre</b> .....	<b>21</b>
<b>2.5 Analyse</b> .....	<b>22</b>
<b>3 Resultat</b> .....	<b>23</b>
<b>3.1 Oppsummering</b> .....	<b>23</b>
<b>3.2 Opplevinga av institusjonen og dei tilsette</b> .....	<b>24</b>
3.2.1 Korleis ungdommane opplever at dei vaksne møter dei når dei har det vanskeleg.....	32
<b>3.3 Relasjon</b> .....	<b>34</b>
3.3.1 Ungdomane si rolle.....	41
3.3.2 Eigne livshistorier i møte med institusjonen.....	44
<b>4 Diskusjon</b> .....	<b>46</b>
<b>4.1 Opplevinga av institusjonen og dei tilsette</b> .....	<b>46</b>
4.1.1 Korleis opplever ungdomane at dei vaksne møter dei når dei har det vanskeleg?.....	48
<b>4.2 Relasjon</b> .....	<b>53</b>
4.2.1 Ungdomane si rolle.....	56
4.2.2 Eigne livshistorier i møte med institusjonen.....	58
<b>4.3 Validitet og reliabilitet</b> .....	<b>59</b>
4.3.1 Validitet.....	59
4.3.2 Reliabilitet.....	63
<b>5 Konklusjon</b> .....	<b>67</b>
<b>Litteraturliste</b> .....	<b>69</b>

<b>Vedlegg 1 .....</b>	<b>72</b>
<b>Vedlegg 2 .....</b>	<b>73</b>
<b>Vedlegg 3 .....</b>	<b>75</b>
<b>Vedlegg 4 .....</b>	<b>79</b>

# 1 Innleiing

Å bli utsett for omsorgsvikt, kan gi relasjonstraumer (Benum, 2006) som påverkar korleis born møter omgivnadane, regulerer emosjonar og affektar og korleis dei tek val vidare i livet (Fonagy, Steele, Steele, Moran, & Higgitt, 1991). Ein slik oppvekst, kan påverke tilknytningssystemet som utløyser kroppen sine strukturar for å oppfatte, vurdere og reagere på fare. Blant anna viser symptom på relasjonstraume slike som ein finn hos menneske som t.d. har opplevd krig eller katastrofar. Dei komplekse traumene har mellom anna ein relasjonell dimensjon (ibid). Med bakgrunn i symptom på relasjonstraumer, kan det offentlege vurdere at borna og familien har problem i ei slik grad at borna blir tekne ut av heimen og plasserte i institusjon. Det er fleire faktorar som gjer at born får tiltak frå barnevernet, men foreldra sine manglande evner til å møte borna sine behov og signal, er den største årsaka (Bufdir, 2015c).

Relasjonstraumer kan medføre eit stort behov for trygghet og stille store krav til tilsette i institusjon som skal bygge relasjon som grunnlag for endring. Born i barnevernsinstitusjonar har dårlegare helse og livskvalitet (Kayed et al., 2015), og har oftare relasjonelle traumer som kan medverke til slike problem. Vi veit ikkje om behova til ungdommane blir dekte i stor nok grad i norske barnevernsinstitusjonar. Derfor er målet til denne oppgåva å undersøke korleis relasjonstraumatisert ungdom i institusjon opplever at tilsette i institusjon møter deira kjensle- og åtferdsmessige reaksjonar i lys av tilknytning- og traumeteori.

Nevroanatomiisk teori og empiri ligg til grunn for fleire teoriar og tiltak på feltet (Nordanger, 2014). Eg vel likevel å drøfte funna i eit tilknytings- og traumeteoretisk perspektiv. Grunnen er at tilknytings- og traumeteori kan gi kunnskap om kva omsorgsvikt kan gi av tidlege relasjonstraumer og mulige konsekvensar av desse traumene (Schoore, 1994). I lys av kunnskap om relasjonstraumer, er det sentralt å løfte desse ungdomane sine perspektiv og opplevingar av korleis vaksne møter emosjonsuttrykka deira i institusjon. Særskilt fordi ungdommar med relasjonstraumer ofte har negative erfaringar i møte med omsorgspersonar

Tilknytningsteoretisk og traumeteoretisk kunnskap, kan gi tilsette i institusjon eit grunnlag for å forstå emosjonsuttrykk hos relasjonstraumatiserte ungdommar. Korleis ein ser og forstår emosjonsuttrykk, er med på å definere korleis ein møter desse uttrykka. Med grunnlag i traumeteoretisk og tilknytningsteoretisk kunnskap, kan tilsette i barnevernsinstitusjon bidra til

utvikling. Manglar denne orienteringa, kan ungdomane oppretthalde åtferd og strategiar som dei har med seg frå usikre oppvekstvilkår. Det grunnleggande er at måten ungdomane opplever å bli møtte på, kan vere med på å påverke om dei vaksne si hjelp vil motarbeide eller bygge opp om hovudoppgåva til barnevernet. Barnevernet skal sikre at born som lever under forhold som kan skade helse og utvikling får det dei treng til ein trygg oppvekst (Bufdir, 2015b). Kunnskap om relasjonstraume og tilknytning bør vere med på å definere kva kompetanse og haldningar miljøterapeutar og omsorgspersonar skal møte ungdom i institusjon med.

## **1.1 Teorigrunnlag**

Etter 10 år i arbeid med ungdom i institusjon og bufellesskap, har eg undra meg over kva faktorar der er som bidreg til vekst for ungdommane, og kva som er til hinder for positiv utvikling for dei. Det er eit stort ansvar å drive omsorg for born og unge i sårbare livssituasjonar. Sårbare fordi dei ikkje kan bu ilag med familiane sine i ei krevjande ungdomstid. Ungdomstida inneheld naturlege gleder, utfordringar og sorger. I tillegg har dei potensielt mange negative livserfaringar, oftast som ein konsekvens av forhold i familien. Erfaringane kan bidra til at ei naturleg kompleks periode i livet kan bli meir enn vanleg samansett, utfordrande og vanskeleg. Korleis opplever ungdommane i institusjon at dei profesjonelle forvaltar ansvaret for å bidra til utvikling, oppseding, læring, sosialisering, tilknytning og regulering i foreldra sin stad? Eg vil først presentere teori før eg presenterer både norsk og internasjonal forskning i eit eige kapittel. Kopling av teori, tidlegare forskning og eigen empiri vil eg gjere i drøftingskapittelet.

### **1.1.1 Traume**

Eit traume ser ein i utgangspunktet som ein konsekvens av ei enkeltstående hending og kan seiast å vere ei stressbelastning som overveldar individet som blir utsett (Weisæth, 2000). Traumeomgrepet kan også vere relevant å bruke når ein beskriv omfattande påkjenningar opplevde over lang tid (Anstorp & Benum, 2014).

”I kortversjon er traume en reaksjon på uutholdelige hendelser som overvelder sentralnervesystemet, der aktiveringen som følger med hendelsen ikke er blitt stabilisert” (Anstorp & Benum, 2014, p. 24).

Traume handlar i hovudsak om intensiteten og lengda på ei hending og korleis hendinga blir opplevd og tolka av den som er utsett. Kombinasjonen av traume og dei kjensle- og åtferdsmessige reaksjonane, kan ein sjå på som traumatiske kriser til forskjell frå t.d. livskriser (Malt, Retterstøl, & Dahl, 2003).

Symptom på traume er i hovudsak firedelt (Reichenberg, 2013) :

Intrusjon: som beskriv ufrivillege påtrengande tankar og følelsar kring krisa. Ting eller situasjonen som bevisst eller ubevisst minner om krisa, kan gi gjennoppleving (Reichenberg, 2013).

Unngåing: Ubehaget hendinga medfører, gjer at ein prøver å unngå alt som kan minne om eller trigge den (Reichenberg, 2013).

Fysiologisk aktivering: Kroppen kan bli aktivert eller inhibert fysiologisk på grunn av ting, eller situasjonar som triggar minnet om hendinga. Dette bevisst eller ubevisst (Reichenberg, 2013).

Negative endringar i tanke og følelsar assosierte med traume (Reichenberg, 2013).

## **Relasjonstraume**

Tidlege og gjentakande belastningar grip inn i eit menneske sin måte å tenkje, oppfatte og forholde seg til seg sjølv og omgivnadene på. Redsle, skam, neglisjering og skadar påførte av dei som skal vere trygge omsorgspersonar, kan føre til frykt for nærleik og gjere at tilknytningssystemet blir traumatisert (Benum, 2006). Relasjonstraumer kan ha gjennomgripande verknad på personlegdomen til den som blir utsett for dei (ibid). I eit behandlingsspektiv handlar det like mykje om å få hjelp til å utvikle den mentale kapasiteten, som til å integrere minne og utvikle kapasiteten til å regulere kjensler som desse sterke minna utløyser (Benum, 2006).

### **1.1.2 Tilknytningsteori**

Tilknytningsteorien seier at tidlege tilknyttingsmønster og tidlege erfaringar kan påverke trygghetskjenning, utviklinga av band mellom menneske og evna ein har til å regulere

emosjonar vidare i livet (Schore, 1994). Trygge born lærer å stole både på kva dei føler og korleis dei forstår verda. Dei er rusta til å møte med- og motgang. Når born ikkje har ei trygg tilknytning, kan dette føre til at dei møter verda og andre menneske med mistillit, relasjons-, kjensle- og åtferdsutfordringar (Van der Kolk, 2005).

Ut frå eit utviklingspsykologisk perspektiv, er born relasjonelt sårbare og har eit relasjonelt motivasjonssystem (Schore, 1994). Utrygg tilknytning, gir høgare relasjonell sårbarheit (ibid). Dette vil seie at det er større sannsyn for at relasjonstraumer potensielt skal ende i varige psykologiske symptom når ein har ei utrygg tilknytning, enn når ein har trygg tilknytning (Antstorp & Benum, 2014). Bowlby (1973) viser til to typar angst hjå born i separasjon frå omsorgspersonen sin. Det er angsten skapt frå ytre farar, og angsten skapt frå samanbrot i kommunikasjonen mellom born og omsorgsperson. Den siste blir hevda å vere det som oftast framkallar angst hjå born. For at separasjon skal vere mulig må der vere gjensidig tillit mellom born og omsorgsperson. Tillit, er ein føresetnad for å skape ein trygg tilknytingsrelasjon.

Eit evolusjonsbiologisk perspektiv seier at menneska si oppgåve er å overleve hjelpeløysa i barndomen, bli vaksen og få barn som overlever. Genane, motivasjonen og åtferdssystema våre er selekterte og koda for å løyse desse oppgåvene (Bowlby, 1988). Kjenslebandet til nære omsorgspersonar, er i dette perspektivet eit instinktivt åtferdssystem som er laga for å overleve (ibid). Åtferda til barnet er laga for å skaffe omsorg frå omsorgspersonen. Tilknytningssystemet blir aktivert så snart barnet opplever fare, redsle eller ubehag og blir dempa av tilknytningssystemet (Bowlby, 1971). Relasjon mellom omsorgsperson og born/ungdom, blir i dette perspektivet i kva grad omsorgspersonen og ungdomen klarar å skape eit tillitsforhold. Då er den vaksne er ein trygg base som kan vere eit utgangspunkt for utvikling og utforsking av eige liv (Torsteinson, Brandtzæg, & Powell, 2010).

### **1.1.3 Tilknytning og emosjonsregulering**

Bowlby (1971) hevdar at sikkert tilknytte born og vaksne kan ha evne til å nedregulere negative emosjonar og affektive tilstandar. Den sikre tilknytninga, bidreg til positive emosjonar og positive affektive tilstandar. Ei slik sikker tilknytning kan gi ein person muligheit til å utforske, lære nye ferdigheiter og knyte positive relasjonar med andre menneske. Konsekvensen av utrygg tilknytning, kan vere at borna må utvikle sekundære

tilknytingsstrategiar. Dette er strategiar barnet brukar for å tilpasse seg tilknytingsfigurar som er uføreseielige, er lite sensitive eller utilgjengelege. Strategiane er ikkje hensiktsmessige når dei blir brukte i seinare relasjonar der det å søke støtte og gjensidig avhengigheit kan vere funksjonelt. Det gjeld t.d. i stressande og vanskelege situasjonar eller periodar i livet. Bowlby (1973) hevdar vidare at menneske med usikker tilknytning, har tidlege tilknyttingserfaringar som er ustabile og inadekvate når det kjem til stressregulering. Det kan forstyrre den indre ressursutviklinga ein treng for å takle/meistre stress.

#### **1.1.4 Traumer og emosjonsregulering**

Nordanger og Braarud (2014) bygger kunnskapsgjennomgangen sin på å integrere utviklings-, traumepsykologi og nevrobiologisk forskning. Dei beskriv omgrepet toleransevindaug for aktivering når dei skal vise til å regulere emosjonar. Grunnlaget for å lære og merksemd på relasjonar og situasjonar, er best innanfor toleransevindaug. Er ein utanfor toleransevindaug kan det føre til hyperaktivering. Det kan t.d. høg gi høg puls, rask pust og spente musklar. Eller ein kan vere hypoaktivert som kan gi utslag i redusert puls og pust med meir. Spennvidda og fleksibiliteten i toleransevindaug kan vere avhengig av tidlegare samspels erfaringar slik mellom anna Bowlby (1971) beskriv, eller frå andre traumatiske erfaringar. Omsorgspersonen si rolle er mellom anna å bidra til å regulere barnet sine emosjonar slik at det har høve til å halde seg innanfor toleransevindaug. Smalt toleransevindaug kan gi reguleringsvanskar. Terskelen for å aktivere sterke affektive tilstandar kan då vere lav. Effekten av aktiveringa kan vere stor då personen sjølv ikkje har strategiar eller føresetnad for å regulere affektane. Konsekvensane kan vere å iverksette, fight, flight eller freeze som er alarmførebuinga til hjernen. Resultatet kan vere uro, impulsivitet, kaosfølelse, aggresjon og utagering. Om ein er hypoaktivert, kan ein bli handlingslamma og oppleve tomheit med meir.

#### **1.1.5 Teoretisk grunnlag for institusjonsbehandlingsmetodar.**

Eg presenterer to kunnskapsretningar som delvis parallelt har bidrege til å forme arbeidet i norske barnevernsinstitusjonar i seinare tid. Det er dei åtferdsteoretiske og dei utviklings- og traumepsykologiske retningane.

## Åtferdsteoretisk praksis

Norske barnevernsinstitusjonar er og har vore utvikla mellom anna med bakgrunn i åtferdsteoretiske prinsipp. Det er gjort ut frå behaviorisme, der Skinner si operante betinging er viktig. Den legg vekt på konsekvens av handling og positive forsterkarar (Phillips & Soltis, 2000). Norske barnevernsinstitusjonar har system der ein gir lønn for god åtferd. Upassande åtferd får negative konsekvensar (Tjelflaat & Ulset, 2007). Målet med dette systemet er at lønn for positiv åtferd gjer at ungdomen tek lærdom av konsekvensen. Det fører til varig positiv åtferdsending.

Andreassen (2003) har gjort ei kunnskapsoversikt av nordisk og engelskspråkleg forskning av institusjonsbehandling av ungdom med alvorlege åtferdsvanskar. Det på initiativ mellom anna frå Barne-ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir, 2005). Andreassen viser til at programma som har best grunnlag for å lykkast med behandling av åtferdsproblem i norske barnevernsinstitusjonar, er dei som inneheld kognitiv åtferdsterapi og som nyttar åtferdsteoretisk tilnærming med fokus på å lære livsdugleikar. Desse institusjonane nyttar teiknøkonomi, aggresjonskontrollering, modellæring og å diskutere moralske tema (Andreassen, 2003). Aggression Replacement Training (ART) (Stamnes & Moe, 2007) er ein forskingsbasert metode nytta i norske barnevernsinstitusjonar designa for å endre aggressiv og valdeleg åtferd. Det med sosial ferdigheitstrening, aggresjonskontroll og haldningsending.

Andreassen viser til at det ikkje er ei behandling åleine som er svaret, men eit sett av behandlingsprinsipp. Det må takast omsyn til at ein samlar ungdom med utfordringar på ein stad, noko som kan bidra til å oppretthalde negativ åtferd (Andreassen, 2003). Andreassen (2005) ser åtferdsproblem som eit resultat av samspel mellom trekk ved ungdomen og trekk ved omgivnadene. Dårleg oppdragarstil, blir kopla med tidleg problemåtferdsutvikling. I tillegg verkar born med åtferdsproblem å utløyse dårleg foreldrestil (ibid). Andreassen hevdar at ein teoretisk kan seie at effektiv behandling er kopla til forskning på risikofaktorar. Fokuset bør rettast mot å redusere risikofaktorar og betre faktorar som vernar.

Andreassen (2005) viser vidare til at det å utvikle negative ungdomskulturar i institusjon, ofte kan skje som fordi ungdomane opplever ekstern kontroll. Autonomigraden under opphaldet verkar å vere viktigare for å unngå opposisjon og motstand enn om ungdomen er tvangsplassert. Ungdomane si medbestemming er viktig, men berre til ei viss grad.

Andreassen (2005) si forskning indikerer at det også er behov for noko vaksenkontroll. Positive ungdomskulturar, er ein føresetnad for å gjere brukarmedverknad til ein del av behandlinga. Medbestemming skal kome som ein konsekvens av og i takt med å utvikle sosiale ferdigheiter. Mindre kontroll over ungdomen frå tilsette, skal kome som konsekvens av positiv utvikling.

Arbeidet til Andreassen (2003) har medverka til å endre organisering og innhald i norske barnevernsinstitusjonar. Dei er omsorgsinstitusjonar, rusinstitusjonar, institusjonar for åtferd lav og åtferd høg (Bufdir, 2010). Andreassen (2003) viser til at innhald og tilbod er tilfeldig i norske barnevernsinstitusjonar. Det har medverka til at nokre av ungdomane historisk sett har fått forverra åtferd etter å ha blitt plassert i institusjon (Andreassen, 2005). Bunkholdt, Larsen, og Storø (2010) hevdar at Andreassen (2003) sine tilrådingar for arbeid med åtferdsproblem, har blitt tatt for å vere generelle anbefalingar for arbeid i norske barnevernsinstitusjonar. ”Denne metastudien har likevel vist seg å vere den viktigste premissleverandøren i den politiske, og til dels i den faglige diskusjonen om norske barnevernsinstitusjoner uavhengig av om en arbeider med denne klientgruppen eller ikke” (Bunkholdt et al., 2010, p. 172).

### **Handlekraftprogrammet.**

Den andre retninga som har prega utviklinga i norske barnevernsinstitusjonar siste åra, er kompetansehevingsprogrammet Handlekraft (RVTS-Sør, 2014). Programmet er utvikla av RVTS- Sør på oppdrag frå barne-, ungdoms-, og familieetaten. Noko av faggrunnlaget for programmet, er dei to kunnskapsgjennomgangane ”the three pillars of Trauma-informed care” (Bath, 2008b) og ”Calming together: The pathway to self- control” (Bath, 2008a). Bath tek for seg utviklings, traume psykologisk og nevrobiologisk kunnskap. Målet er at mellom anna tilsette i barnevernsinstitusjonar skal møte emosjonsuttrykka til ungdom med traumeinformert kunnskap og bidra til å utvikle emosjonsregulering og relasjonskompetanse hjå ungdomane.

Formålet med programmet er å auke kunnskapen om kva vald gjer med born, og korleis ein kan hjelpe. I tillegg skal kunnskapen bidra til å reflektere over vaksne si rolle i forhold til vald mot born. Dette med bakgrunn i at enkelte overgrep ikkje blir oppdaga eller førebygde fordi dei vaksne ikkje ”orkar” å sjå og høyre (Young, 2014). Programmet skal mellom anna

gi kunnskap om fysisk, psykisk og seksuelle overgrep og grenseoverskridande åtferd. Det skal og legge grunnlag for å ivareta utsette born og unge på ein føreseieleg måte med utgangspunkt i traumeforståing (ibid). I motsetning til det åtferdsterapeutiske perspektivet, skal dei vaksne i handlekraftprogrammet sjå på åtferd som smerteuttrykk etter traumatiske erfaringar. Åtferda treng ikkje vere sjølve problemet til ungdomen (RVTS-Sør, 2014). Om institusjonane ser det som ligg bak smerteuttrykka, bygger tillit og relasjon, kan ein oppnå endring og utvikling (ibid). Med handlekraft som kunnskapsgrunnlag forventar ein ikkje at ungdomane kan prestere eller endre seg før dei har tillit og er trygge på dei vaksne og institusjonen. Det er eit poeng at ein skal arbeide med endring gjennom refleksjon og det å utvikle positive strategiar når ungdomen er innanfor toleransevindauget. Dei vaksne i institusjon skal ta tak i utfordringar og legge strategiar ilag med ungdomane i forkant og i etterkant av emosjonsuttrykk som t.d. negativ åtferd. Læring skjer i dette perspektivet gjennom refleksjon. Læring skjer ikkje som konsekvens av ei handling gjort i affekt med bakgrunn i t.d. relasjonstraumer. Når ungdomane er i affekt, skal dei vaksne ha fokus på regulering og stressreduksjon (RVTS-Sør, 2014). Perspektivet krev at dei vaksne har sjølvinnst, erfaring og kunnskap til å møte ungdomane rett. Om ein ikkje har slik kunnskap kan ein bidra til vidare krenking (ibid).

Kompetansehevingsprogrammet blei innført i 2012 delvis parallelt med omorganiseringssprosessen i norske barnevernsinstitusjonar.

Handlekraftprogrammet blei evaluert i 2013-2014. Det i kombinasjon mellom kvantitative og kvalitative metodar. Dei fagtilsette og ansvarlege for undervisning vart observerte og intervjuet. I tillegg vart det gjort dokumentanalysar. Empirien er henta frå dokumentanalysar frå alle regionane til bufetat. I tillegg er det gjort spørjeundersøkingar og intervju med regionkoordinatorane i kvar region. To regionar blei valde ut som case der ein observerte av opplæringssamlingar og intervjuet deltakarar og undervisningspersonale. 577 personar har svart på spørjeundersøkinga, 29 personar er intervjuet og det er gjort 163 timar med observasjonar (Young, 2014).

Evalueringa konkluderer med at Handlekraftprogrammet har ført til at tilsette på individnivå har auka refleksjon over eigen åtferd og individuell praksis i møte med born, kollegaer og organisasjon. I motsetning til dette, seier rapporten at på eit kollektivt og organisatorisk nivå har desse endringane hatt avgrensa verknad. Handlekraft har og ført til utvida omgrepsapparat hjå tilsette som har vore på kurs. Dei har berre sett eitt tilfelle der

institusjonen har endra eller utvikla rutinar som følgje av kunnskapsprogrammet. Implementeringa har vore problematisk. Ein har hatt lite støtte frå Bufdir eller regional leing. Rolle og ansvarsdelinga har ikkje blitt ivaretatt etter intensjonen då prosjektet starta. Økonomi, omorganisering, konkurrerende eller komplimenterande kompetanseinitiativ, har vore med på å føre fokuset vekk frå innhaldet i Handlekraftprogrammet (Young, 2014).

## **1.2 Omgrepsdefinisjon**

### **1.2.1 Miljøterapi**

Larsen (2004, s. 20) definerer miljøterapi som ” et arbeid som handler om å legge til rette eller organisere slik at forandring og utvikling blir mulig”. Skårderud og Sommerfeldt (2013) viser til todelinga i omgrepet. Den eine delen har fokus på å organisere miljøet, den andre delen er terapi og handlar om å utvikle og forandre. Skårderud og Sommerfeldt (2013, s.18) beskriv også miljøterapi som: ”det gjennomtenkte arbeidet som drives av en gruppe personale overfor en gruppe pasienter i den hensikt å bidra til pasientens bedring”. Miljøterapi blir vidare definert av Skårderud og Sommerfeldt (2013) som relasjonsbehandling der det viktigaste fokuset er å bruke relasjonar til å lækje relasjonsskadar. ”Miljøterapi er summen av praksis og de systematiske refleksjonene om praksis ” Skårderud and Sommerfeldt (2013, s. 29).

### **1.2.2 Relasjon**

Relasjon blir av store norske leksikon beskrive som eit forhold, samband eller samhørsele. Der er fleire typar relasjonar. Omsorgsrelasjon, terapeutisk relasjon og tilknytingsrelasjon med fleire. Eg tek føre meg omgrepa terapeutisk relasjon og tilknytingsrelasjon.

#### **Terapeutisk relasjon**

Relasjon blir i psykoterapi ofte definert som ein terapeutisk allianse og som ein føreseieleg og sterk predikator for terapiutfall på tvers av metode og orientering (Byers & Lutz, 2015). Kirsten Benum (2014, p. 76) forstår den terapeutiske relasjonen som ” møte mellom to tilknytningshistorier”. I møte med andre sine traumer, kan det å vere sårbar og ha eigne negative erfaringar, påverke korleis ein responderer. Å vere open og reflektere i fellesskap, blir lagt fram som sentralt i ein terapeutisk allianse. Relasjon forstår eg i denne samanhengen

som forholdet mellom terapeut og pasient der ein gjennom felles mål i interaksjon vil oppnå endring og utvikling.

### **Tilknytingsrelasjon**

(Bowlby, 1971) hevdar vi er fødte med eit behov for å knyte til oss nokon som er sterkare enn oss sjølve for å få vern og omsorg. Ein tilknytingsrelasjon handlar med dette om å knyte til seg eit anna menneske for å oppnå tryggleik og omsorg som gir grunnlag for naturleg utvikling.

### **1.2.3 Tillit og tryggleik**

Den som har tillit, overlet noko til andre si varetekt i god tru og ventar at dette blir godt ivareteke. Ein gjer derfor ikkje tiltak for å hindre misbruk, ”Fravær av forholdsregler er tillitens fremste kjennetegn” (Grimen, 2008, p. 198). Ein tek risiko og gjer seg sårbar når ein gir nokon tillit. Dette gir makt til den profesjonelle vaksne. Tillit opprettar ein type relasjon som gir nokon vilkår for å realisere eigen viljen. På same tid som tillit gir makt, gir tillit høve som ellers ikkje vil vere mulige (Grimen, 2008).

### **1.2.4 Emosjonsregulering**

Vikan (2014) viser til emosjonar som både kjensler, affektar og sinnstemningar. Vikan (2014), hevdar vidare at emosjonar består av dei tre hovudkomponentane oppleving, kroppslege eller fysiologiske reaksjonar og åtferd.

Emosjonsregulering handlar om å kontrollere, handtere, meistre og fortrenge emosjonar (Vikan, 2014, p. 117). Emosjonar kan optimere korleis ein vurderer omgivnadene, tek avgjerder og klargjer åtferdsmessige responsar. Emosjonar legg til rette for sosiale interaksjonar og fremmar det episodiske minnet. Emosjonar kan skade når dei ikkje er tilpassa type, intensitet og varigheit i forhold til situasjonen dei oppstår i. I slike situasjonar prøvar ein å regulere emosjonane (Gross, 2014). Utan rimelig kontroll over emosjonar som sorg, raseri, skam og angst, evnar ein ikkje å regulere desse emosjonane. Dette vil igjen kunne føre til problematisk åtferd (Skårderud & Sommerfeldt, 2013).

## 1.3 Empiri

I empiridelen presenterer eg først forskning på livskvalitet og helsetilstand hjå ungdomane i barnevernsinstitusjonar. Det for å sette lys på utfordringane og korleis forskinga viser at ungdommane har det i institusjon. Til slutt ser eg på forskning som viser korleis ungdom opplever eigen situasjon, og om miljøterapeutane oppfyller ynskja og behova deira.

### 1.3.1 Livskvalitet og helsetilstand hjå ungdom i barnevernsinstitusjonar.

#### Norsk forskning

Den norske forskinga på ungdom i barnevernsinstitusjon, tek i stor grad for seg helsetilstanden og livskvaliteten deira. Målet for den norske studien til Kjelsberg og Nygren (2004) var å finne kjønnsesifikke førekomstar av emosjonelle og åtferdsmessige utfordringar til born og unge plasserte i barnevernstiltak utanfor heimen. Dei undersøkte sjølvrapportert og miljøterapeutisk rapportert åtferd (Achenbach, 2016) hjå 294 ungdommar i barneverstiltak i Oslo. Dei samanlikna desse med tilsvarande populasjon i ungdomspsykiatriske institusjonar i same området i same tidsromet. Resultata viser at dei tilsette vurderer gutar i barnevernsinstitusjon til å ha høgare grad eksternaliserande- og aggressiv åtferd enn jentene. Studia fann at ungdomane ikkje rapporterte kjønnsulikskap når det galdt mengda problem. Jentene rapporterte internaliserte utfordringar i større grad enn gutane. Dei tilsette rapporterte ingen forskjell. Ungdom i psykiatriske institusjonar og gutane i barnevernstiltak rapporterte like utfordringar. Jentene i psykiatriske institusjonar hadde høgare problemnivå enn dei i barnevernsinstitusjon, spesielt når det galt til internaliserte utfordringar. Studia fann høg førekomst av emosjonelle og åtferdsmessige utfordringar hjå ungdom i barnevernsinstitusjon og viser til auka uro knytt til desse utfordringane.

Tilsvarande tendensar har Kayed et al. (2015) funne i studia ”psykisk helse hos barn og unge i barnevernsinstitusjoner”. Forskarane har kartlagt 400 ungdomar si psykiske helse basert på kliniske intervju og spørjeskjema. Ungdomane rapporterer høgare førekomst av emosjonelle og åtferdsmessige utfordringar, dårlegare livskvalitet og dårlegare psykisk helse enn i den generelle befolkninga (Kayed et al., 2015). Ungdomane opplever at institusjon i stor grad tek tak i symptoma på utfordringane, ikkje utfordringane i seg sjølve. Synet til ungdomane i studia til Kayed et al. (2015), blir støtta av Forandringsfabrikken og barnevernsproffane (Halvorsen, 2015). Proffane er born og unge med erfaring hovudsakleg frå

barnevernsinstitusjonar. Dei reagerte på rapporten til Kayed et.al (2015) som viste til graden av psykiske problem hjå born og unge i institusjon og mangel på helsetenestetilbod. Proffane hevdar at dei fleste unge i institusjon ”viser naturlige reaksjoner på å ha det vondt ” (Halvorsen, 2015). Dei ser det som teikn, eller symptom på å ha det vondt, ikkje psykiske lidingar. Proffane uttalar at som eit alternativ til psykiatrien, bør barnevernsinstitusjonane få ansvar for å ivareta og snakke med dei unge som bur der (Ibid).

### **Internasjonal forskning**

Det er mykje internasjonal forskning på livskvalitet og helsetilstand hjå born i barnevernsinstitusjonar. Eg vel å nytte to forskingsprosjekt. Mota og Matos (2015) stadfestar det barnevernsproffane legg vekt på når dei ved hjelp av spørjeskjema har sett på 246 portugisiske ungdommar i institusjon. Dei har studert kvalitetseffekten på relasjon til signifikante andre kva gjeld psykisk velvere og resiliens. Resultata viser positive korrelasjonar mellom relasjon til signifikante andre og psykisk velvere. Dei fann og signifikante assosiasjonar mellom relasjonskvaliteten til signifikante andre og resiliens. Effekten slår sterkast ut i forhold til tilsette i institusjon.

Funna til Kayed et al. (2015) blir støtta av forskinga til Llosada-Gistau (2014) frå Spania som og viser at ungdom i institusjon har utfordringar med livskvaliteten. Forskarane samanlikna sjølvrapportert livskvalitet hos 235 ungdomar frå den generelle befolkninga mellom 12 og 13 år med 226 ungdomar i barnevernsinstitusjon. Resultata viser at ungdom i institusjon skårar signifikant dårlegare på subjektiv velvære, livskvalitet, trygghetsoppleving og mulighetene dei har vidare i livet, samanlikna med ungdom utan institusjonserfaring.

### **1.3.2 Korleis er det (oppfyller miljøterapeutar ynskja og behova til ungdomane)?**

#### **Norsk forskning**

Ei av få norske studiar av ungdom i institusjon sitt perspektiv, er Ulset og Tjelflaat (2012) si kvalitative studie. Dei intervjuar 11 ungdomar i institusjon om opplevinga og forståinga av tvangsbruk i barnevernsinstitusjon. Ungdomane rapporterer at dei i nokre tilfelle forstår at tvang er nødvendig, men at tvang ut frå deira oppleving i utgangspunktet fører til utrygghet og meir tvangsbruk. Noko av tvangsbruken blir av ungdomane beskriven som krenkande. Det

gjeld både når ein er vitne til at andre blir utsette, og når ein sjølv er utsett for tvang. Dei opplever at tvang påverkar korleis dei forstår institusjonen. Tvang er ein av faktorane som medverkar til at institusjonen ikkje blir oppfatta som ein heim. Tvang påverkar også relasjonen til dei vaksne. Relasjon, samspel, ei oppleving av å bli høyrte, sett og snakka med er faktorar som ungdomane synest er positive og bidreg til mindre tvangsbruk. Ungdomane rapporterer også at dette er faktorar som kan påverke om dei rømer frå institusjonen eller ikkje.

Rambøll (2010, 2011, 2014) har på oppdrag for Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet, gjort tre kvantitative spørjeundersøkingar. Målsettinga er å kartlegge om born i norske barnevernstiltak er tilfredse med tilbodet dei får. I utgåva frå 2014 har 1163 born og unge svart på undersøkinga. 63% var frå barnevernsinstitusjon. Som svar på påstanden ”alt i alt har jeg det bra her” responderte born og unge i institusjon at 26% var heilt einige, 33% litt einige, 22% litt ueinige, og 17 % heilt ueinige. Som svar på ”Jeg føler meg trygg her” svarar 44% at dei er heilt einige , 21% litt einige, 16 % litt ueinige og 16 % heilt ueinige. På spørsmål om ”Jeg stoler på de voksne her”, svarar 30% heilt einige, 22 %” litt einige , 19% litt ueinige, og 25% heilt ueinige. ”Jeg føler at de voksne her stoler på meg” 32% heilt einige, 27% litt einige, 12% litt ueinige, 22% heilt ueinige (Rambøll, 2014). Rapporten viser at mange har det bra på institusjon og har god kontakt med vaksne, men viser også at mange ikkje klarar å tilpasse seg institusjonslivet. Born og unge som bur i institusjon rapporterer mindre grad av medverknad, dårlegare kommunikasjon med vaksne, dårlegare oppleving av å vere informert om eigen situasjon enn ungdom i fosterheim. Samanlikna med rapportane frå 2010 og 2011, viser resultata frå 2014 at verdiane for trivsel og tryggleik i institusjon har gått ned (Rambøll, 2014).

Resultata frå Rambøll (2014) samsvarar med funna i den andre undersøkinga der ungdomar si stemme kjem fram. I ei kvalitativ studie om barn og unge sin medverknad i norske barnevernsinstitusjonar intervjuar Tjelflaat og Ulset (2007) 17 barn og unge, seks leiarar og tilsette og seks frå tilsynet. Nokre av ungdomane i studia rapporterer at rutinar og reglar i institusjon avgrensa muligheita dei har til å påverke og styre eige liv. Andre ungdomar rapporterer at muligheitene er mange og at det er opp til dei sjølve å prioritere. Fleire rapporterer at dei reagerer på reglar og system der ein gjennom god åtferd og haldningar må gjere seg fortente til å kome vidare i systemet. Mange hevdar dei ikkje har innverknad eller medverknad på reglar. Ungdommane rapporterer at dei ikkje opplever at det er samsvar

mellom regelbrot og straff. Fleire rapporterer også at dei ikkje har fått god forklaring eller har god forståing for reglar, rutinar og/eller innføring i konsekvensar/straff for regelbrot. Dei uttrykte at viss dei fekk god informasjon, opplevde dei å bli tatt på alvor. Dei fleste av ungdomane rapporterte at dei hadde stort behov for å bli hørt. Men fleire sa at dei ikkje uttalte det då dei var redde for å bli straffa for meiningane. Slik forfattarane tolka det, ynskje ungdomane naturleg og jambyrdig tovegs-kommunikasjon med tilsette. Å bli sett og hørt var viktigast for dei fleste. Om dei fekk gjennomslag for ynskja sine, var mindre viktig.

### **Internasjonal forskning**

Chama og Ramirez (2014) gjennomførte ei kvalitativ undersøking av korleis 30 ungdomar i retrospekt ser på si tid i institusjon i USA. Dei fann dei same tendensane som Ulset and Tjelflaat (2012). Ungdomane viser til si oppleving av om klimaet i institusjonen er ”varmt” eller ”kaldt”. Korleis desse faktorane spelar påverkar korleis ungdommen knyter seg til personalet og har evne til å bygge relasjonar. Ungdomane rapporterer at dei opplever å bli straffa for smertesyntoma. Dette står i vegen for god relasjonsbygging med tilsette. Ungdomane viser til at regelfleksibilitet og brukarmedverknad, er faktorar som kan bidra til eit betre liv i institusjon (Chama & Ramirez, 2014).

Rauktis et al. (2011) gjennomførte ein kvalitative studie av 40 ungdomar plasserte i institusjon i USA. Gjennom intervju i fokusgrupper gir ungdomane sine perspektiv på korleis dei konseptualiserar og operasjoniserer omgrepet restrictiveness. Ungdomane seier at reglane avgrensar dei mest, og at reglar blir sett på som konfliktskapande, lite tilpassa og lite fleksible. Respons på reglar er sinne, motstand, isolasjon og stigma. Ungdomane føler seg annleis. Dei opplever å vere invaderte, straffa og at dei har lite kontroll over eigen situasjon. Opplevinga av kva ein kunne og ikkje kunne gjere var kopla til personen eller personane som handheva reglane. Ungdomane forstår og tolerer restriksjonar som avgrensa muligheita dei har til å handle fritt i kontekst av ein positiv relasjon. Vaksenrolla i å regulere emosjonar i ein fase av ungdomslivet då utviklinga går raskare enn dei sjølve evnar å regulere, blir peika på i rapporten (Rauktis et al., 2011).

Soenen, D'Oosterlinck, og Broekaert (2013) intervjuar 50 ungdomar tilfeldig utvalde mellom 450 ungdomar med emosjonelle- og åtferdsproblem tilknytt eit ungdomssenter i Nederland. Målet var å finne ut korleis ungdomar vurderer eigen og andre ungdomar si åtferd og kva ungdomane såg som det signifikante i behandlinga. Ungdomane reflekterer over korleis eigen

åtfærd påverknad klimaet i institusjonen. Negativ åtfærd påverkar atmosfæren negativt og bidreg til at det vert utrygt i ungdomsgruppa. Behandlingsfaktorar som bidreg positivt, er tilgjengelege og nære tilsette, klare reglar og grenser, tid for seg sjølv og tillit til at den vaksne forstår. Vidare seier ungdommane at ein betre relasjon gjer at den vaksne forstår betre enn om relasjonen er dårlig. Element som verka mot behandling, var mellom anna strenge vaksne som ikkje hører etter og upassande haldningar eller intervensjonar frå tilsette. Ungdomane uttrykkjer også at dei ser på dei personlege faktorane ved vaksne, ikkje dei profesjonelle eller terapeutiske. Byers og Lutz (2015) sin kunnskapsgjennomgang konkluderer med at terapeutisk allianse er sentralt for at behandling i institusjon skal fungere.

Dunn, Culhane, og Taussig (2010) intervjuar 180 born mellom ni og elleve år plasserte i barnevernstiltak utanfor heimen. Borna i undersøkinga som sjølv såg behov for plassering, rapporterer å vere meir nøgde med plasseringa enn andre. Born som følte seg tilknytte omsorgsgivar i institusjon, rapporterte i større grad at dei hadde hatt det verre om dei budde heime med familien. Born som vurderer noverande situasjon som vanskeleg rapportere i større grad at livet ville vore betre om dei budde med familien.

## **1.4 Mitt bidrag**

Målet med arbeidet er å sette lys på korleis ungdom med relasjonstraume opplever å bli møtte på kjenslene og åtfærd si i barnevernsinstitusjonar. Eg ynskjer å sjå korleis ungdomane opplever at dei profesjonelle vaksne forvaltar kunnskapen om tilknytning, traume og affektregulering. Opplever ungdom at institusjonane nyttar denne kunnskapen i det miljøterapeutiske arbeidet?

Hypotese er at ungdomane har det godt i norske barnevernsinstitusjonar, men dei er avhengige av å bli sett og hørt i gode relasjonar med vaksne for å fungere godt.

Forskingsspørsmålet eg nyttar for å sette lys på tema er:

”Korleis opplever relasjonstraumatisert ungdom i barnevernsinstitusjon dei tilsette i lys av tilknytning- og traumeteori?”

## 2 Metode

Eg ser etter meiningsmangfald og informasjonsnyansar i perspektivet til ungdomar i institusjon. Då er det mest føremålsteneleg å nytte kvalitative metodar (Malterud, 2003). I det lyset ligg ei fenomenologisk tilnærming nær. Den kan beskrivast som læra om korleis ting framstår for oss og meininga med fenomenet (Christoffersen & Johannessen, 2012). Validitet og reliabilitetsdrøfting, kjem i diskusjonskapitelet. Det same gjer andre diskusjonar knytte til eigen forforståing i forskingsprosessen og diskusjon kring representativitet.

### 2.1 Populasjon og utval

Ungdom mellom 16- 23 år med relasjonstraume som er eller har vore busette i barnevernsinstitusjon er informantmålgruppa. Med bakgrunn i nærleik til erfaringane er ei øvre grense på 23 år valt for dei som har flytta ut av institusjon. Eg har valt 16 år som nedre aldersgrense. Dette samsvarar med nedre grense for samtykkekompetanse etter § 17 i helseforskningslova (Helseforskningsloven, 2009).

Målet har vore å få nok informantar slik at fleire intervju ikkje gjev meir informasjon til oppgåva. Målet var å samarbeide med ei barnevernsteneste for å skaffe informantar. Ein teamleiar i barnevernet formidla informasjonsbrev og samtykkeskjema til sine barnevernskuratorar. Dei snakka med ungdom i målgruppa. Ingen av kuratorane fekk ja frå ungdomane som dei tok kontakt med.

Neste steg var å kontakte sentrale personar eg har hatt profesjonell kontakt med på institusjonsfeltet. Eg fekk raskt tilgang til tre informantar. Vidare kontakta eg tidlegare kollegaer og studievener. Dei snakka med ungdom som dei har eller har hatt profesjonell relasjon til. Dette resulterte i ytterligare to informantar. Kontaktpersonane presenterte prosjektet, leverte informasjonsskriv og samtykkeskjema. Dei fekk tilbakemelding direkte frå ungdomane om dei var villige til å delta eller ikkje. Alle informantane har skrive under på samtykkeskjema og har samtykkekompetanse jf Helseforskningslova §17 (Helseforskningsloven, 2009).

Innleiingsvis tenkte eg å snakke med ungdom som bur eller har budd i langtidsinstitusjon over tid. Tilknytningsteorien legg vekt på at relasjonar kan endre seg med tida. Grunna mangel

informanttilgang med erfaring frå langtidsinstitusjon, har eg også inkludert akuttinstitusjonar i utvalet mitt. Dette gjeld fire informantar. Dei har budd i akuttinstitusjon frå ca. to til fem månadar. Alternativt hadde eg ikkje kunne gjennomføre prosjektet.

Nøyaktig tal på kor mange ungdomar som har vore spurde om å delta i prosjektet, er uklart. Informasjonen har gått gjennom barnevernstenesta og tilsette i institusjonar der ungdom bur. Eg har fått opplyst at 15 personar er spurde og at fem har svara ja. Kva faktorar som skil ungdomane som takka ja til å delta i prosjektet frå dei som takka nei, veit eg ikkje.

### **2.1.1 Informantane**

Informantane er: To gutar og tre jenter frå 16- 21 år. Ein gut på 16 år og ei jente på 17 år som budde på institusjon under intervjuet. Ein gut på 18 år på hybel med oppfølging frå barnevernstenesta. Ei jente på 21 år og ei jente på 22 år som har flytta for seg sjølve. Alle informantane er eller har vore i institusjon på grunn av heimeforholda. Dei har levd med omsorgsvikt. Dei mangla grenser, struktur, mat og omsorg. Og/eller dei levde i med psykisk sjukdom og vald. Alle ungdomane har høyrde til Bufetat sin Region Midt.

## **2.2 Etiske vurderingar**

Eg vurderte å søke prosjektgodkjenning hjå Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk (REK). Etter ein konsultasjon med dei, var konklusjonen at prosjektet ikkje er kvalifisert til å søkje godkjenning der. Eg søkte så prosjektgodkjenning hjå Norsk senter for forskningsdata (NSD) med prosjektnummer 44062 (vedlegg nr 4). I svaret frå NSD kravde dei detaljpresiseringar kring anonymisering, personinformasjonsbehandling og kontaktinformasjon i skrivet. Endringane blei sendt NSD. Eg fekk seinare telefon frå NSD med informasjon om at endringane var godkjende, og at eg kunne sette i gang prosjektet. NSD presiserte at ytterlegare dokumentasjon frå dei på endringane, ikkje var naudsynt.

### **2.2.1 Etikk og informantar**

Etisk og praktisk er det problematisk å få tilgang på eller informasjon om sårbare grupper som t.d. ungdom som bur eller har budd i barnevernsinstitusjon (Thagaard, 2006). Eg har derfor nytta meg av dørøpnarar eller kontaktpersonar for å få kontakt med målgruppa. Det er problematisk å ta direkte kontakt og spørje om ungdomane vil delta i eit prosjekt. Det av di

dei skal fortelje om eigne personlege erfaringar. Dette utan at dei kan stole på at eg som forskar forvaltar tilliten forsvarleg.

Kontaktpersonane mine gav munnleg informasjon om prosjektet til ungdomar dei arbeidde med. Dei henta samtykke med eit samtykkeskjema (vedlegg nr 1) og overleverte informasjonsskriv (vedlegg nr 2) med detaljar om prosjektet. I informasjonsskrivet kjem det fram detaljar kring teieplikt, at informantar står fritt til å trekkje seg undervegs i prosjektet og kontaktinformasjon til meg som forskar. Målet var at ungdomane skulle vere godt informerte og førebudde slik at dei på best mulig måte skulle vere kapable til å gjere eit informert samtykke om å takke ja eller nei til prosjektet. Alle ungdomane skreiv under på samtykkeskjemaet.

### **2.2.2 Etikk i intervjuet**

Fleire av ungdomane la vekt på at det var viktig at eg som forskar var interessert i situasjonen deira. Dette er ein motivasjon som også kan problematiserast. Ein kan tenke at ungdomane opplever at dei må levere informasjon som gjer meg nøgd.

På førehand var eg budd på at forskingsintervjua kunne bli etisk utfordrande. I praksis opplevde eg at dei fleste ungdomane hadde god forståing både av si eiga og av mi rolle i intervjusituasjonen. Som eg har vist til tidlegare var det ein ungdom som under intervjuet hadde ønske om at eg skulle bidra til å endre situasjonen til ungdomen. Då ungdomen tok opp problemstillinga, gjentok eg at mi rolle var å vere der som forskar, og eg skulle hente og formidle informasjon. Eg skulle ikkje å bidra til arbeidet på institusjonen. Eg gjentok kva plikt og ansvar eg hadde viss ungdomen rapporterte om forhold som var bekymringsverdige. I fellesskap kom vi fram til at saka ungdomen tok opp, ikkje var bekymringsverdig. Ungdomen fekk utløp for frustrasjonen sin. Før vi blei einige om å halde fram med intervjuet, anerkjende eg frustrasjonen utan å ta stilling eller side i saka. Eg opplevde at ungdomen blei hørt utan at eg som forskar tok side eller del i saka. I etterkant ser eg at eg i denne situasjonen lett kunne gå ut av forskarrolla, eller eg kunne mista rolla som nøytral overfor ungdomen.

I og med at informantane er rekrutterte gjennom kontaktpersonar og at eg har få informantar, gjer at det er fare for at dei kan bli identifiserte. Ein skal som Brinkman og Kvale (2009, s. 80) viser til ”utforske menneskers privatliv og legge beskrivelsene ut”. Eg valt å ikkje

identifisere sitat i resultatkapitlet med koda namn og alder eller kjønn av omsyn til anonymiteten. Eg har og valt å ikkje inkludere detaljar om ungdomane sine forhistorier eller historier frå institusjon som kan bidra til identifisering. Eg vil unngå at nokon skal kunne kjenne igjen ein informant på grunn av samanhengar i historia som blir fortalt i dette kapitlet. Om dette er i konflikt med mitt etiske rapporteringsansvar på så sikker informasjon som mulig kan diskuterast. Vurderinga er gjort med omsyn til konfidensialiteten til informantane og konsekvensen materialpublisering kan ha for informantar, familiar og institusjon (ibid). Ein ting er at informantane sjølve kan kjenne igjen kva dei sjølve har sagt. Det som er sentralt er at ingen andre kan forstå kven som seier kva i oppgåva. Eg vurderer det slik at grepa eg har gjort for å anonymisere informantane, er tilstrekkelege til at oppgåva kan publiserast ope.

## **2.3 Det kvalitative intervjuet**

For å få fram perspektiva på korleis tema frå dagleglivet blir tolka og forstått av den som blir intervjuet, nyttar eg semistrukturert livsverdsintervju. Det semistrukturerte i intervjuet er at intervjuguiden er rettleiande. Intervjuet er verken ein heilt open samtale eller ein lukka spørjeskjemasamtale (Kvale, Brinkmann, Anderssen, & Rygge, 2014). Ein må vere opne for endringar undervegs. På same tid må ein sørgje for å halde samtalen på eit spor som gjer at ein får informasjon som er relevant for prosjektet (ibid).

Intervjuobjekta er unge gutar og jenter som har vore eller er i vanskelege livssituasjonar. Med desse erfaringane har ungdomane blitt plasserte i institusjon frivillig eller ufrivillig. Som forskar med eigen erfaring frå institusjonsarbeid, er det vesentleg å vere bevisst den asymmetriske naturen i intervjuet (Kvale et al., 2014). Ungdomane er informerte om bakgrunnen min i informasjonsbrevet dei fekk utdelt før dei takka ja til å bli med i prosjektet. Dette kan verke positivt då ungdomane kan oppfatte at vi har felles erfaringar og at eg har innsikt i kvardagen deira. Det kan verke negativt då ungdomane kan sjå meg som representant for institusjonssystemet. Målet er at informantane skal oppleve at intervjuet har ei trygg ramme der dei er deltakande, styrande og kan uttale seg fritt. Under intervjuet har eg vore open for endringar undervegs. På same tid har eg halde samtalen på eit spor som har gitt relevant informasjon for prosjektet. I intervjuet har eg opplevd at ungdomane har ynskt å fortelje sine historier.

### **2.3.1 Intervjuguiden**

Intervjuguiden (vedlegg.3) er bygd opp med introduksjonsspørsmål, hovudsspørsmål, oppfølgingsspørsmål og avsluttingsspørsmål. Tema er tillit/tryggleik, relasjon og emosjonsregulering. Eg stilte oppfølgingsspørsmål berre om tema ikkje blei tilstrekkeleg lyssett i svaret på hovudspørsmålet.

#### **Tillit/Tryggleik**

Spørsmåla knytte til tillit og tryggleik handlar om institusjonen og dei vaksne der. Har dei vaksne klart å skape ein trygg base? Opplever ungdomane sin eigen situasjon i institusjon som føreseieleg? Tema blei introdusert ved å snakke om kor lenge ungdomen har budd i institusjon, og om det er noko dei vil fortelje om seg sjølve, eller noko dei lurar på. Korleis ungdomen opplevde å kome til institusjonen er hovudspørsmålet. Oppfølgingsspørsmåla er korleis dei vaksne tok imot ungdomane. Om oppfatninga av institusjonen har endra seg undervegs og i tilfelle på kva måte. Eg spør og om ungdomane kan beskrive kva tankar og følelsar som kjem fram når dei tenkjer på institusjonen og folka der. Vidare spør eg om ungdomane veit kven som er på institusjonen til ei kvar tid, kva som skal skje i løpet av dagen og i tida framover. Eg spør og om ungdomane opplever å få den informasjonen dei treng om eigen situasjon, familie, venner, framtid, skule og fritid. Tema blir avslutta med spørsmål om ungdomen opplever å bli hørt.

#### **Relasjon**

Relasjonsdelen av intervjuguiden handlar i hovudsak om ungdomane har knytt seg til nokon av dei vaksne, og kva som gjer at dei har eller ikkje har knytt seg til dei. Temaet blir introdusert ved at eg spør om ungdomane har fått kontakt med vaksne på institusjonen. Hovudspørsmålet er kva som gjorde at dei fekk god kontakt. Eller grunnen til at dei ikkje fekk kontakt. Oppfølgingsspørsmåla er om korleis ungdommen reagerer når den vaksne ein ikkje likar tek kontakt, og korleis den vaksne reagerer på at ungdommen tykkjer dette er vanskeleg. Avslutningsspørsmåla for temaet er om ungdomane har opplevd endringar i synet på dei vaksne over tid.

## **Emosjonsregulering**

I denne delen er eg ute etter å sjå korleis ungdommane opplever at dei vaksne reagerer på emosjonsuttrykka deira. Introduksjonsspørsmålet er om ungdomane har opplevd å bli redde, sinte, glade. Oppfølgingsspørsmåla er om ungdomen kan seie nok om dette, og kva dei gjorde? Hovudspørsmålet er korleis dei vaksne reagerte på ungdomen sine emosjonsuttrykk. Avsluttningsspørsmålet er om korleis dette påverka ungdomen.

Til slutt vart ungdomane spurde om det var noko meir dei ville legge til eller fortelje om.

## **2.4 Prosedyre**

Målet var at spørsmåla i intervjuguiden skulle piloterast av to interessegrupper for born og unge i barnevernsinstitusjon. Ingen av interessegruppene responderte på førespurnaden. Første intervjuet med ein av ungdomane, blei derfor nytta som pilot og i etterkant vurdert som relevant å ta med i forskingsgrunnlaget. To av intervjuar er med informantar som bur i institusjon. Tre har flytta ut. To av intervjuar har derfor blitt gjennomført i institusjon. To informantar inviterte meg heim til seg på eige initiativ. Eitt av intervjuar blei gjort i eit møterom på offentleg bibliotek. Alle intervjuar har vore skjerma frå andre personar. Før kvart intervju blei grunnlaget og formålet for prosjektet gjennomgått for å sikre at informantane hadde god forståing for kva dei skulle vere med på. Vi gjekk og gjennom teieplikta for å sikre at alle informantane forstod kva ansvar forskaren har for informasjonen som kjem fram i intervjusituasjonen. Vi gjekk og gjennom kva eg som forskar er forplikta på: Informere institusjonen eller tilvise til t.d. psykisk helsehjelp om det kjem fram informasjon i intervjuar som gjer at eg vurderer at ungdomen treng hjelp, er i fare eller er til fare for andre. Ungdomane blei og informerte om at dei står fritt til å avbryte intervjuet om noko blir vanskeleg. Då vert dei ivaretekne og får hjelp til å kontakte rett instans.

Til slutt i kvart intervju fekk ungdomane vite kva dei skulle gjere og kven dei skulle kontakte om dei opplevde intervjuet eller tida etter som vanskeleg. Dei fekk og kontaktinformasjonen min. Intervjuar blei tatt opp og lagra på minnebrikke. I etterkant, blei dei lagra på ein ekstern harddisk som er innelåst når han ikkje er i bruk. Informantane blei anonymiserte med kodenamn. Kodenøklar og adresselister er og lagra og innelåste på ekstern harddisk skild frå datamaterialet. Det er ingen andre enn eg som har tilgang til kjeldematerialet i forskingsprosessen. Transkriberinga er skrivne slik informantane uttrykte seg. Nokre av

smålydane og intonasjonane er fjerna der eg har vurdert at dei ikkje gir informasjon. Der dei er føremålstenelege er dei med. Alle person- og institusjons- og stadnamn blei fjerna i transkriberinga. Lydfilene og dei transkriberte intervjuva vil bli sletta etter at oppgåva er levert og vurdert.

## 2.5 Analyse

Opptaka frå intervjuva blei transkriberte og analyserte i programmet NVivo 10 som gir høve til å organisere og analysere kvalitative data. Lydfilene blei lasta inn i programmet og transkriberte før eg tok til å analysere. Då las eg gjennom materialet og delte sitata til ungdommane inn i kategoriar. Det transkriberte materialet blei i første omgang organisert i tre hovudkategoriar med underkategoriar. Dei hadde eg laga med basis i intervjuguiden. Etter å ha skrive resultatkapitelet såg eg at dette ikkje blei rett. I staden for å sjå kva ungdomane faktisk hadde sagt, tvinga eg utsegna og erfaringane deira inn i mi forforståing. Eg forkasta derfor denne tilnærminga til analyse og resultat og gjorde det heile på nytt. I materialgjennomgangen delte eg ungdomane sine uttalar i kategoriar. Fellesfaktorar i uttalane definerte ni kategoriar. I arbeidet med diskusjonen, såg eg at fleire av tema blei naturleg å diskutere under felles overskrift. Med dette slo eg saman dei ni kategoriane til å bli to hovudkategoriar. Kategoriane er: Oppleving av institusjonen og dei tilsette. Underkategori: Korleis ungdomane opplever at dei vaksne møter dei når dei har det vanskeleg. Den andre hovudkategorien er: Relasjon. Underkategoriar: Ungdomane si rolle og eigne livshistorier i møte med institusjonen.

## 3 Resultat

Resultata er i hovudsak presenterte med eitt eksempel under kvart undertema. Det bortsett frå der sitat frå fleire ungdomar kan bidra til å få fram eit meiningsmangfald eller motsetningar. Eg presenterer ikkje funn berre omtala av ein informant.

### 3.1 Oppsummering

Alle ungdomane rapportere at det var skummelt å skulle bli plassert i institusjon. Trass i utryggheita, overraska dei vaksne positivt i møte med ungdomane. Ungdomane viser forskjellar i syn på og haldning til plassering i institusjon. Dette synet verkar å ha innverknad på korleis dei har det i institusjonane.

Dei unge legg vekt på å bli møtte med respekt, bli sett og forstått av dei vaksne. Dei viser til at vaksne i handling og haldningar vise at dei er til å stole på og at dei virkelig bryr seg. Ungdomane rapporterer at kommunikasjon mellom tilsette, god informasjon og stabilitet bidreg til tryggleik og tillit. Mistillit, mangel på informasjon og ustabilitet i personalgruppa bidreg til at det blir utrygt.

Ungdomane er delte i synet på eiga rolle i institusjon. Nokre meiner dei sjølve har ansvar for å tilpasse seg reglar, oppnå tillit til personalet, god kommunikasjon, skape endring og å knyte band. Andre legg dette ansvaret i større grad på personalet. Når det oppstår mistillit, kan dei vaksne ha problem med å kome i posisjon til å hjelpe.

Ungdomane er bevisste på kven dei knyter seg til. Fellesfaktorane til alle ungdomane er at dei ynskjer å vere ilag med vaksne som får dei til å føle seg vel og som er like seg sjølve. Nokre vel vaksne ut frå behova ungdomane har, kva kvalitetar den vaksne kan bidra med og valet er situasjonsbestemt. Andre er klare på at dei likar nokre og mislikar andre. Relasjon er og sentralt i forhold til om ungdomane vel å opne seg. God relasjon kan og bidra til at dei er mindre i opposisjon, viser mindre motstand, er mindre i konflikt, tek betre korreksjon og forhold seg betre til reglar. Ungdomane opplever at det er betre stemning når dei ein har god relasjon til er på jobb.

Ungdomane rapporterer at dei tek avstand frå vaksne som er uføreseielige, er autoritære, brukar makt, ikkje viser at dei bryr seg og ikkje framstår som ekte. Ungdomane legg vekt på gjensidigheit, der det ikkje berre er ungdomen som deler. Når ungdomane har det vanskeleg, viser dei til at det er viktig å bli hørt og sett individuelt. Dei vaksne sine handlingar og haldningar påverkar korleis dei har det og korleis dei taklar slike situasjonar. Ungdomane uttrykkjer at dei vaksne har ei rolle knytt til omsorg og oppdraging. Dei rapporterer ikkje at dei ser dei vaksne som terapeutar som kan hjelpe med det som er vanskeleg.

## 3.2 Opplevinga av institusjonen og dei tilsette

Alle ungdomane fortel om eit positivt første møte med institusjonen.

*Det var veldig enkelt å finne seg til rette blant dei for dei var så, eh ka eg skal sei, eh åpne da, Å veldig behaglige å vere blant*

På same tid rapporterer alle ungdommane at det er vanskeleg og skummelt å kome til institusjon. Dei fleste ungdomane formidla at dei hadde fordomar før plassering. Både ut frå eigen forforståing og med bakgrunn i informasjon dei har fått frå andre.

*Først var jeg vel kanskje litt redd for kordan ting kom til å være fordi jeg aldri hadde vert på en sånn plass og hadde liksom berre hørt fra søskena mine kordan det var,*

Alle ungdomane rapporterer å bli positivt overraska av dei vaksne i forhold til forventningane dei hadde.

*De var veldig greie. Jeg ble tatt imot veldig bra synest jeg. Jeg trodde det var noe jævlige greier jeg.*

Det går greitt når dei er ilag med dei vaksne, men t.d om natta når dei er aleine rapporterer fleire av ungdomane at det som er vanskeleg kjem fram.

*Men, eh med ein gang eg var på rommet heilt åleine så er det jo berre grønt golv og kvite veggjar og eit stort vindu til å sjå ut av. Åsså får eg ikkje lov til å gå ut utan at personalet er med meg. Så det var egentlig litt deprimerande første veka, heilt ærlig.*

Dei fleste av ungdomane fortel at dei blei plasserte frivillig i institusjon og såg plasseringa i utgangspunktet som ei løysing på ein vanskeleg situasjon.

*Ja, det var ein veldig fin opplevelse, det var egentlig akkurat det eg trengte når eg blei kasta ut heimanfrå på den måten som eg blei da.*

Medan andre ungdommar opplevde at dei blei plasserte i institusjon utan at dei sjølv var med på eller hadde forståing for plasseringa.

*Nei det var jo at jeg skulle bo med mamma og at det ikke var noe feil hjemme.*

God informasjon i starten av opphaldet i institusjon blir rapportert frå dei fleste av ungdomane som avgjerande for å forstå kva som skal skje og korleis. Dette sjølv om ungdomane i starten fortel at dei opplever plasseringa som kaotisk og informasjonen er vanskeleg å forstå.

*Eg var veldig skeptisk . For eg trudde det var sånn galnehus (latter). Mange ungdomar som gjer masse forskjellig. Så eg satt no der å fekk ikkje med meg noko av møtet vi hadde. Dei fortalte meg litt kva det var for noko, kor eg skulle bu å alt sånn. Eg var heilt i min egen verden å såg for meg ungdomane å kor det såg ut der å. Utanfrå ser det ut som et sjukehus, det er ikkje noko sånn "oi her skal eg bu og her blir det kjekt". Så vart litt skremt. Så gikk vi inn å viste meg romma, å viste meg korleis det såg ut der inne. Tok vare på meg å viste meg fram å. Sa mykje godt, at dette kom til å gå bra sjølv om det kanskje ikkje er det beste å vere her da, for deg. Det var masse blanda følelsar.*

Alle ungdommane rapporterer at dei opplevde å bli sett og forstått i starten av tida si i institusjon. Dei formidlar at det er viktig at personalet veit korleis dei skal møte ungdomar som har det vanskeleg. Fleire av ungdomane viser at dei er vare for vaksne og korleis dei oppfører seg. Dei vaksne sin måte å møte ungdomane på verkar ut frå ungdommane sine beskrivingar som å vere med på å bestemme om dei ser institusjonen som trygg eller ikkje. Fleire av ungdomane fortel at dette er basert på tidlegare erfaringar med utrygge vaksne.

*Jeg blei møtt av folk som viste forståelse å liksom var veldig klare på at dei var her for å*

*hjelp meg å at dei forsto situasjonen min da. Jeg følte liksom ikkje at jeg fekk ei kald skulder når jeg kom hit. Jeg var veldig sårbar da når jeg kom hit, men det var forståelsesfulle folk som visste kva dei gjorde da følte jeg sjøl da, for jeg kjente veldig på det. For jeg har liksom vore under, kva skal jeg sei systemet heile livet mitt, så jeg veit på en måte, jeg merka veldig fort kven som kan det dei gjer og kven som ikkje kan det. Så jeg veit iallefall at dei som jobba her dei gjer det liksom rett da iforhold til det jeg treng. Å det jeg føler jeg treng av omsorg å forståelse å sånn da.*

Dei fleste ungdomane viser til at nye erfaringar med vaksne er med på å bekrefte negative forventningar, eller overraske og gi dei eit meir positive syn på vaksne. Synet på dei vaksne kan bidra til om ungdomane ser det som trygt i institusjon eller ikkje.

*Det var veldig enkelt å finne seg til rette blant dei for dei var så, eh ka eg skal sei, eh åpne da, Å veldig behaglige å vere blant.*

*Å plutselig kommer han (tilsett) skikkelig sint liksom å drar og tar ho foran seg og går opp trappa med ho, jeg skjønner ikke hvordan han fikk det til. Så har han et glass, eller ho har det der glasset å skulle ha melk eller kaffe eller hva faen det var. Så tar han det å bare kaster det liksom mot ho andre ansatte der. Åsså ropt, de klaffa ikke så godt sammen for da ropte han "ja er ikke dere ansatt her dere eller ?" . Da følte jeg meg litt utrygg.*

Alle ungdomane rapporterer at dei vurderer vaksne sin kunnskap og kompetanse ut frå korleis dei oppfører seg i praksis og om dei viser at dei forstår ungdom. Om dei vaksne viser at dei ikkje forstår, vurderer ungdomane dei til ikkje å ha den kunnskapen og kompetansen dei treng for å skape tryggleik.

*Mmm det har mykje med kva dei vaksne veit å ikkje veit egentlig. Fordi viss at du skal kunne passe på en ungdom så må du nesten vite kordan en ungdom er. Å det har jeg møtt fleire gangar atte det er folk som ikkje veit det og som ikkje veit kordan enn skal møte dei. Å det har vore et stort problem for meg. Men det har ikkje vore et problem her da fordi man merkar veldig godt at desse her faktisk jobba med ungdom å dei veit ka dei gjer da.*

*Det må vere noe galt, å jeg vet sånn , det er litt ekkelt når jeg veit hva han (personalet) har gjort ..Så hadde ho tatt opp på mobilen sin at han (personalet) hadde kalt ho mye stygge ting*

*å "hvorfør kler du deg som ei hore", masse sånn der samma fyren da. Så fikk jo vi vite det, ja så vart han overført fra plassen der da til der jeg bodde. Åsså veit du det der liksom, du føler deg ikke trygg da, det var mye verre ting som vart sagt.*

Ungdomane viser til varierende erfaringar når det kjem til møtet med dei vaksne i institusjon. To av ungdomane har berre positive erfaringar, samanlikna med tidligare erfaringar med eigen familie.

*Mmm dei er på en måte som dei skal vere da, eller ka jeg skal sei sånn som jeg veit at folk pleier å vere, eller liksom dei menneska, mamma og pappaen min å fosterforeldra mine, dei har ikke vore slik som dei skulle ha vert da for at barn skal kunne vokse opp å bli frisk å rask å ha en god barndom liksom, ingen har perfekt barndom men en god barndom som på en måte er betryggande å ha i botnen da. Men når jeg kjem hit å møte dei menneska som jeg har møtt så merka jo jeg atte da får jeg opp håpet for min egen del at da veit jeg at der er folk som faktisk vil hjelpe å det er ikkje berre for makt eller noke sånn.*

Dei andre ungdommane rapporterer å ha møtt vaksne som bidreg til at kvardagen er eller har vore utrygg og lite føreseieleg i institusjon.

*Ja, vil si kanskje ikke så følsomme da. Å liksom jeg bodde med en han hadde ADHD han var jo litt sånn oppmerksomhet å gjorde mye galt da sant. Jeg kom ned ei natt åsså skreik han liksom, en kan godt kalle det krokodilletårer jeg veit jo ikke, men jeg visste ikke. Men han sa at han var lei seg liksom. Åsså kommer de, de sov liksom da på natta, sånn sovende vakt. Åsså klikker de (personalet) helt liksom, kom ned å skrik å drar han oppigjennom trappa. Da ble jeg helt sjokkert. Jeg syns ikke man skal gjøre sånn. Da stoler jeg ikke på dem. Det må jo gå an å spørre, hva skjer før man tar en beslutning.*

Alle ungdomane viser til at tilgjengelege vaksne som ser ein og er der når du treng dei, er viktig for alle ungdomane si oppleving av tryggleik og tillit.

*Men da og greip dei inn. Så det var liksom aldri at dei ikkje såg meg.*

På same tid uttrykkjer ungdomane at tilsvarande negative erfaringar med vaksne som ikkje er der når ein treng dei, bidreg til utryggleik.

*Ho var svær, det går ikke an å stoppe ho liksom. Begynte å kaste store steina inn vinduet å sånn, ikke sant, å han ligg å søv, vi prøver å ringe FO vakta, det er den som har dratt hjem, å det går ikke an liksom. Å vi banker på den jævla døra, å han står opp å skjønner jo ingenting ikke sant. Det var helt sykt den natta der asså.*

Dei fleste ungdomane seier at dei ynskjer at dei vaksne skal vise at dei verkeleg bryr seg.

*Eg trur ungdomar er veldig avhengig av at du viser at du bryr deg. Eg såg det, for eg var ungdom sjølv, så eg såg kor dei trengte, kor dei liksom det einaste dei ville var at folk skulle vere glad i dei. uansett kor sint, eller avhengig av dop eller uansett kva dei såg etter. Dei ville berre ha kjærligheit liksom. Dei ville berre bli akseptert.*

Nokre ungdomar formidlar at dei vaksne gjennom haldningar og handlingar viser om dei bryr seg. Både på individ og systemnivå.

*Ja, hu (personalet) tok med seg ene ungdommen, det er ikke meg da, det var anna jeg bodde med. Tok med seg å røyka hasj, så kom de hjem så såg hu andre(personalet) det... Nei, å de visste vel egentlig hva de tok inn, å jeg ser at de (institusjonen) bryr seg ikke så mye så lenge de sparer penger da. Det er etter min mening da.*

Mistillit og dårleg kommunikasjon mellom tilsette blir trekte fram som faktorar som bidreg til utryggleik.

*De som likte hverandre da, asså det kunne vere konflikter mellom de ansatte. Men de prøvde å skjule det da, men du ser jo når to personer ikke klarer å kommunisere nesten sammen, at det går utover deg selv til slutt liksom*

God kommunikasjon mellom eit samkjørt personale dreg ungdomane fram som faktorar som bidreg til tryggleik.

*Dei ville gjere meg sikker på at jeg faktisk, at jeg budde her å at jeg liksom, kor lang tid jeg kom til å bu her å at jeg var klar over situasjonen min da at jeg ikke skulle vere usikker på*

*nåkka at det var, dei gjorde seg klar på det at det alltid var andre vaksne å snakke med.. jeg kunne bare spørre visst det var noke da*

Synet på dei vaksne og tillita ein har til dei, blir av nokre av ungdomane kopla med opplevinga av at dei vaksne kan hjelpe med det som er vanskelig.

*Det var mange ganger jeg akkurat hadde komt hjem, jeg hadde rusa meg og vert borte ei heil helg, åsså sier dem "du får ikke lov til å gå ut igjen" ikke sant åsså bare ordna jeg meg åsså dro jeg. Så jeg veit ikke jeg, de gjorde ingenting , jeg skulle faktisk ønske de gjorde noe da.*

På same tid er det eit fleirtal av ungdomane som ikkje ser det som dei vaksne sitt ansvar å hjelpe med det som er vanskeleg, men meiner det er opp til ungdomane sjølve.

*Så eg følte liksom at dei prøvde alt dei kunne å meir kunne dei ikkje gjort egentlig. Det var vel litt meir opp til meg sjølv.*

Dei fleste ungdomane fortel at dei ynskjer å forholde seg til fleksible vaksne. Fleire av ungdomane rapporterer at fleksibilitet er eit teikn på at dei vaksne bryr seg.

*Kanskje vise at de bryr seg. Kanskje ikkje vere så firkanta liksom,*

På same tid er det eit par av ungdomane som seier at dei ikkje vil at personalet skal bryte reglar for deira del, at der er fleksibilitet nok i reglane om ein oppfører seg og gjer det ein skal.

*Asså reglane som er her dei må dei jo følge, det respektera jeg å liksom, jeg har ikkje hatt noke behov for å bryte reglane eller at dei (personalet) skal bryte reglane for min del heller. Men reglane her er ganske elastiske i forhold til kordan du er her da*

Alle ungdomane formidlar at institusjonane er flinke til å bidra til informasjon og vere føreseielege i kvardagen. Ungdomane viser til fysiske hjelpemiddel som tavler på kjøkenet der ein kan lese kven som er og skal på jobb til ei kvar tid, som viktig.

*Det blir satt opp på ei tavle kven som skal vere her den og den veka. men det er ikkje, dei sei det kanskje litt sjøl også da når dei fer fra jobb “vi ser deg neste veke” eller sånne ting da.*

Tilsette som er tilstade over tid, blir trekte fram som ein viktig faktor for tillit og tryggleik.

*Det var jo same folka som jobba opp og opp igjen. Så dei fekk tid til å følge med meg.*

Ei ustabil personalgruppe blir skildra som å vere eit bidrag til utryggleik.

*Ja absolutt, hehe. Det var mange, det var mange som var berre innom å jobba sånn ja ei uke så var de borte igjen. Det var et år det var veldig mye sånn der da. Jeg veit ikke hva de holdt på med, noen av dem var ikke som de skulle.*

Nokre av ungdomane rapporterer negative erfaringar med at det er uføreseieleg med nytilsette, ekstravakter og vikarar.

*Men de er litt dårlig å forklare visst det skal begynne noen nye å jobbe her. For det har skjedd i det siste. Såne ekstra folk, ekstra vakter... Plutselig så bare dukker de opp. Sånn jeg var nede en halv time ned på rommet så kom jeg opp så var det en ny her... Åssa kan de ingenting, jeg synes de bør ha et kurs når de kommer hit*

Ungdomane viser at informasjon om eigen situasjon er viktig for å forstå kvifor ein er i institusjon, og kva haldning ein har til institusjonen.

*Jeg trodde jeg havna i barnevernet når jeg var 12 år eller noe sånn, 11-12. Men så ser jeg at det var nesten før jeg ble født. Det har ikke jeg visst noe om. latter, hva faen. Kanskje ting hadde vert annledes om jeg hadde visst det? Jeg vet ikke. Men det blir et sjokk å få vite det liksom ja, når du er ferdig med alt å sånn... Ja, jeg fikk alle mappene mine no, nå har jeg brent dem nesten alt. Det var to store mapper, jeg ble ganske sjokkert. Jeg måtte bare brenne de.*

Alle ungdomane fortel om positive erfaringar og minne frå institusjon.

*Hadde eg fått tilbud om å få kome tilbake igjen der å vere der i eit par veker eller ein måned*

*da hadde eg takka ja med ein gang.*

Dei to som bur i institusjon under intervjuet referer til institusjonen som heimen sin.

*Jeg tenker det som et vanlig hjem. Det ser jo ut som et vanlig hjem.*

Dei fleste ungdommane fortel om varierte og komplekse erfaringar når dei tenkjer på institusjonen og til folka som jobba der.

*Eg tenkjer, glede, verste tida i mitt liv, (latter) ehh mykje gøy, eg saknar det faktisk litt og, men det er vel ikkje, det er folka eg saknar ikkje sjølve institusjonen. Åsså eg huskar nesten alt vi gjorde der og neste heile opphaldet der. Å da må det jo ha sagt noke, enten at det var bra eller dårlig, eg veit ikkje eg (latter) . En av dei . Eg huskar det godt fra dagen eg kom dit til dagen eg for. Det hadde vore liksom det beste og det verste i mitt liv. ja.*

*Mmm ehh, jeg blir litt glad. Det har jo vert mye artig og godt å sånn. Møtt mye fantastiske menneske, men så blir jeg litt sur for jeg har møtt mye dritt folk og (latter)*

### **Oppsummering, opplevinga av institusjonen og dei tilsette.**

Ungdomane rapporterer at det er skummelt å skulle bli plassert i institusjon, men at personalet tek imot dei på ein måte som overraskar positivt. Trass i at dei blir godt ivaretekne i starten, rapporterer fleire ungdommar at dei har det vanskeleg t.d. om natta. Der er eit skilje mellom korleis ungdomane rapporterer å oppleve og forstår plasseringa i institusjon. Nokre ungdommar viser til plasseringa som løysing på eit problem, medan andre fortel at dei ikkje var einig i eller forstod grunnlaget for plasseringa. Dei fleste av ungdomane viser til at informasjon om eigen situasjon er vesentlig for å oppleve tryggleik.

Alle ungdomane rapporterer å bli sett og forstått av dei tilsette i starten av opphaldet på institusjon. Fleire av ungdomane viser at dei er vare for vaksne og korleis dei oppfører seg. Ungdomane formidlar at dei vaksne sin oppførsel bidreg i å bestemme om ungdomane ser på institusjonen som trygg eller ikkje. Ungdomane viser vidare at nye erfaringar med vaksne kan justere dette synet, positivt eller negativt.

Ungdommane rapporterer også at dei vaksne sine haldningar, handlingar, kunnskap og erfaring er med på å påverke synet ungdomane har til den enkelte vaksne. I tillegg trekkjer ungdomane fram god kommunikasjon mellom tilsette, at ein opplever å få hjelp med det som er vanskeleg, fleksibilitet og vaksne som er tilstade som viktige faktorar for å oppnå tillit og tryggleik i institusjon.

Fleire av ungdomane rapporterer at det å vere i ein akutt situasjon er krevjande i seg sjølv. Ungdomane viser til at ein er i ein uklar situasjon der dei veit dei skal flytte, men ikkje når og kvar. Dei fleste ungdomane rapporterer å få god informasjon frå institusjonen i den grad institusjonane har informasjon å gi dei. Nokre av ungdomane kjem med eksempel der dei får lite eller ingen informasjon om ny-tilsette, ekstravakter og ferievikarar. Dette blir rapportert å føre til utryggleik. Nokre av ungdommane rapporterer berre positive minne frå tida i institusjon, medan dei fleste fortel om samansette og varierende erfaringar som både er positive og negative.

### **3.2.1 Korleis ungdommane opplever at dei vaksne møter dei når dei har det vanskeleg.**

Ungdomane fortel om kor viktig det er å bli hørt og sett ut frå individuelle behov.

*Eg har rett å slett ikkje lyst å ligge å sove menst nokon ukjent skulle kome inn å sjå åsså gå ut igjen. Rett å slett. Så eg sa faktisk ifra til dei om at eg var ikkje noko spesielt gla for at ditte her at dei skal gå inn å sjekke på meg da. Nei men da skal vi ikkje gjere det sa dei , så enkelt som det.*

Tre av ungdomane rapporterer ei endring i oppfatninga av institusjonen og dei tilsette under opphaldet. Dei fortel at dei har utfordringar som blir påverka av dei vaksne som jobbar på institusjonen, positivt eller negativt.

*Det blei sånn at eg forandra meg. Eg blei liksom en av dei som var sint å ikkje ville lage noko, ville ikkje ha noko med dei å gjere. Det var liksom eg som liksom berre gradvis endra meg sjølv. Fordi eg vart så lei av å vere der. Det var jo veldig lenge, å sjå alle andre komme inn å*

*gå heile tida... Så tenkte eg berre, ja dette er en jobb, dei kjem hit fordi dei får betalt, dei snakkar med meg fordi dei får betalt. Egentlig så bryr dei seg ikkje om meg.*

Det er variasjon i korleis ungdomane omtalar opplevinga av korleis dei vaksne møter emosjonsutrykka deira. To av ungdomane meiner dei vaksne ikkje kan gjere noko for å hjelpe når det er vanskeleg, det er opp til ungdomane sjølve.

*Ehh Jeg tror jeg blir sint uansett jeg. Fordi jeg klarer ikke at de kommer å forstyrrer meg. Jeg må roe meg ned selv.*

Nokre av ungdomane skulle sett at dei vaksne gjorde meir for å hjelpe.

*Så jeg veit ikke jeg, de gjorde ingenting , jeg skulle faktisk ønske de gjorde noe da.*

*Jeg skulle bare ønske at de hadde gjort et eller anna vertfall. Jeg rusa meg heilt til jeg forderifra.*

*Jeg synes ikke det er noe greit nå. Der og da synest jeg det var dritkult liksom, men det hadde vel vert endel ting bedre no da om de hadde stoppa meg.*

Ein ungdom beskriv at endringane i emosjonane enda i eit sjølvmondsforsøk som blei avverga av personalet. Ungdomen har ei forståing av at dei vaksne gjer alt dei kan for å hjelpe og ivareta når det er vanskeleg, men ungdommen rapporterer å blir trigga og sint av at dei vil snakke. Dei vaksne når ikkje inn.

*Å dei berre "vil du prate litt" åsså sa eg "nei, gå vekk" så ja det var vel litt med kor eg følte det. Å da klarte eg å danne et sånn stygt bilde av dei. Sjølv om eg ikkje hadde det i utgangspunktet om dei. Så det er litt med kva ungdommane føler etter å ha bodd en plass så lenge. Det har ikkje nødvendigvis noko med dei vaksne å gjere. Dei er jo fortsatt dei same.*

Ungdomane legg i varierende grad vekt på korleis dei vaksne møter dei i affekt, og korleis møtet er med på å regulere dei positivt eller negativt. Tre av ungdomane rapporterer erfaringar med at personalet bidreg negativt i å regulere emosjonar.

*Det er bedre å komme rolig. Men visst det er sånn rolig stemme, åsså egentlig er det sånn sur rolig stemme, da kan jeg bli sur.*

*Når jeg følte meg urettferdig behandla vart jeg sint, når jeg skulle stikke av å ikke fikk lov, ble jeg sint noen ganger.*

Berre to av ungdomane rapporterer om bruk av tvang for å stoppe eller dempe dei i affekt.

*Nei det var jo, legge meg ned, ta tak i meg eller noe sånn da.*

Relasjon spelar inn for dei fleste ungdomane i korleis dei taklar korleksjon eller intervensjon av personalet. To av ungdomane har berre positive opplevingar i møte med personalet og det som er vanskeleg, og dei tolkar i stor grad det personalet gjer i positiv retning.

*Det kjem alltid til å skje en liten feil her og der, men er ikkje noke som folk kan noe for da. For det er et bra system, men det er ikkje perfekt selvfølgelig. I min situasjon så har ikkje det (feil) vore tilfelle men selvfølgelig har det mykje med modenhet å korleis du er som person, kva du er vant til å ka du har opplevd i fortida.*

### **Oppsummering korleis ungdomane opplever at dei vaksne møter dei når dei har det vanskeleg.**

Ungdomane legg vekt på at vaksne som tek omsyn til individuelle behov i møte med det som er vanskelig som ein viktig faktor for å oppleve tryggleik. Nokre av ungdomane påpeikar at det er betre om dei vaksne er rolige i interaksjon, men dei fleste er ikkje bevisste på dei vaksne si rolle i regulering når noko er vanskelig. Eit fåtal av ungdomane viser til erfaringar med å bli snakka til på ein negativ måte, eller med tilsette som brukar tvang. Dei fleste ungdomane viser til at andre ungdomar i institusjon har negative erfaringar med vaksne. Nokre av ungdomane har sjølv berre positive erfaringar i møte med personalet.

## **3.3 Relasjon**

Alle ungdomane opplyser at dei er bevisste på kven av dei vaksne dei knyter seg til.

*Så eg plukka meg ut eh, fire fem stykke som eg prata med å, betrodde meg til da.*

Fellesfaktorane i forteljingane er vaksne som får ungdomen til å føle seg vel og at ein knyter seg til dei ein ser som like seg sjølv. Det er forskjellige eigenskapar og kvalitetar ungdomane uttrykkjer som positive, når det kjem til å knyte band.

*Ja der er noen eg liksom treff betre enn andre da, men det er jo fordi alle er forskjellige personligheter. Det er ingenting med at jeg ikke likar dei. Men med at dei er kanskje likare meg, dei er meir sånn lik meg eller noke sånn.*

Eit par av informantane skil tydeleg mellom vaksne dei likar og vaksne dei ikkje likar.

*Nei det var egentlig han jeg hata mest der da.*

Medan dei fleste skil mellom forskjellige eigenskapar og kvalitetar hjå personalet og tilpassar seg ut frå kva dei vaksne kan bidra med, eller kven ein har god og mindre god kontakt med.

*Nei ikkje sånn. Men det endrar seg heile tida i og med at jeg blir meir kjent med dei å sånn, men det ekje sånn at jeg tenker at "å nei " fordi at han eller ho e sånn, alle har jo positive å negative sider, å alle dei verdiane som dei som jobbar her har dei kjem , dei alle dei tinga betyr noe for meg da for alle kan hjelpe meg på en eller anna måte. Nokken kan møte meg med støtte, noken møte meg med humor, å på en måte viser meg atte dei bryr seg om meg atte dei er her for meg.*

Ungdomane viser alle til ulike faktorar dei ser etter i vaksne dei har lyst til å knyte seg til. Mange av faktorane har ungdomane til felles, nokre er individuelle.

Alle ungdomane fortel at dei ser etter vaksne som forstår ungdom.

*Eh, ja det gjorde eg. Selvfølgelig eg kan tenkje meg at ikkje alle er like god på dette med å forstå ungdom da, men det spørs virkelig på kven man er og kor man kjem ifra.*

Alle ungdomane beskriv at dei ynskjer å vere ilag med vaksne som er opne.

*Det var veldig enkelt å finne seg til rette blant dei for dei var så, eh ka eg skal sei, eh åpne da, Å veldig behaglige å vere blant.*

Alle ungdomane uttrykkjer at dei ser etter vaksne med same interesser som seg sjølv.

*Ja det var vel det at det var på felles interesser, det er det første. For dei eg prata med og var mest med dei var ofte med meg å trente.*

Nokre av ungdomane viste til humor som ein viktig eigenskap.

*Det er derfor jeg liker "navn på personal" veldig godt. Det var en grunn fordi han har humor og smilar for alt og ler for alt nesten. Det er ikke alle her som gjør egentlig.*

Alle ungdomane fortel at dei er opptekne av at dei skal bli behandla som likeverdige medmenneske.

*Da føler eg at dei er veldig opne. At vi ikkje berre er ein brukar der. Vi er ikkje berre eit problembarn, vi er menneske liksom*

Vaksne som veit korleis ein skal oppføre seg og handtere situasjonar, vaksne som har kunnskap til å møte ungdom bli omtala som viktig for dei fleste av ungdomane.

*Dei visste alltid korleis dei skulle oppføre seg mot meg, eller handtere ting.*

Alle ungdomane peika på at personlege vaksne som ikkje er på jobb berre for å få pengar er viktige for å knyte band.

*De er litt mer personlig sånn at, ikke sånn jobb fyr.*

*Ja det er veldig viktig at ein ikkje føler seg som en ting liksom. At dei føler seg som menneske å, dette gjer du ikkje for å få pengar for det. Men at du ja brukar deg sjølv litt å er litt menneskeleg.*

Nokre av ungdomane dreg fram personale som strekkjer grenser eller bryt reglar, som

fleksible. Disse uttrykkjer at dette bekreftar at dei vaksne bryr seg.

*At de bare er seg selv og ikke liksom hva skal jeg si.. prøver å vere noen andre eller ja, at de liksom, jeg veit ikke, de er bare seg selv å du merker at de bryr seg kanskje å kanskje andre folk er litt mer sånn hva skal jeg kalle det da, ja nei jeg vet ikke hva jeg skal kalle det, men skal vere mer sånn gå etter reglene sånn. De tre kanskje gjorde ikke alltid det da. Fordi det er mange rare reglar å sånn. Ansatte hadde ikke lov å røyke med ungdommene, men de tre kunne for eksempel vere med ut å ta en røyk ikke sant. Uten at det hadde noe å si, å kanskje var det bra, jeg synes i alle fall det.*

Vaksne som tilpassar seg ungdomane sine behov blir beskrive som viktige for alle ungdomane når ein skal knyte band.

*Fordi dei såg kor mykje eg trengte det å oppførte seg etter det da å var rundt meg, etter kor mykje eg trengte det.*

*Så i begynnelsen så var det sånn at, ja dei forsto at dei var fremmende for meg å sånt, så da sånn få meg til å bli kjent med dei å ja finne på ting da eg liksom ikkje nødvendigvis sit å ser dei rett i ansiktet auge til auge liksom.*

Om ein har ei åtferd som gjer at ein ikkje oppnår denne fleksibiliteten beskriv ungdomane at det medverkar negativt i synet på personalet og korleis ein knyter band.

*Jeg liker ikke så mange folk på jobb, måten de er her. Det gjør jeg ikke. Nei, fülle reglane. Da føler du deg iallefall ikke hjemme.*

Dei fleste av informantane trekk fram vaksne som bidreg til aktivitet og at noko skjer, som positivt for å bygge relasjon

*Eg blei litt meir gladare visst det var favorittpersonane mine. Men da, det var fordi dei va flinkare på å finne på ting. Finne på ting med oss liksom. Det var derfor eg blei glad når den og den utvalgte personen kom. For da laga vi mat, eller for på ski eller, tur eller biltur eller eit eller anna. Det var vel det som gjorde det, vi knytta til gøye ting med dei. Åsså var der visse folk eg følte at eg var, det var litt sånn forskjellig kor åpen eg var med folk. Nokon*

*kunne eg liksom breie ut alt med, mens andre var det litt meir sånn at eg vil ikkje seie alt til. Eg hadde liksom ikkje like mykje tillit til alle. Men neste like mykje.*

Vaksne som klarer å skape nærleik blir beskrivne som viktige for dei fleste av ungdommane. Ein av ungdommane nytta ordet ”familiefølelsen” for å beskrive korleis ho opplevde samveret med eit personale.

*Det var mange, faktisk, eller det var tre spesielle vil jeg si, jeg fikk knytta litt bånd til som jeg faktisk kunne tenkt å hatt kontakt med idag. De, sånn som hu ene tok meg med hjem til seg for eksempel. Så jeg fikk ligge over der, å tok med meg hjem på tur bare sånn når ho var på dagen liksom. Å det gjorde hu andre å så jeg var der ei helg å lå over å sånn. Så du får litt den der familiefølelsen at de bryr seg og de gidder å ta deg med hjem til ditt eget hjem.*

Relasjonen til dei vaksne blir beskrive som ein faktor som påverkar i kor stor grad ungdommen opnar seg eller ikkje. Alle ungdomane rapporterer at dei er selektive når dei vel kven dei snakkar med.

*Men korleis eg åpna meg, kor mykje eg åpna meg det var litt meir sånn på kven det var.*

Ungdomane viser til at vaksne som dei har god relasjon til, er vaksne som ein kan slappe av å vere seg sjølv ilag med.

*Ja asså, dei jeg ikke liker, dei oppfører jeg meg litt mer seriøs med, ja litt sånn seriøs. For å si det sånn. De jeg liker, de koddet jeg veldig mye med. Ja, tryggare å krangle med dem, akkurat som å kødde med dem.*

Når ungdomane er ilag med dei vaksne dei likar rapporterer dei at dette fører til at dei er mindre i opposisjon og yter mindre motstand.

*De var vel litt spesielle da, De tre kanskje nærmeste da, når de var på jobb var det ingen som stakk av. Eller for ut eller ja mesteparten hålt seg inne da. Selvfølgelig det skjedde jo, men det er kanskje personene de er da.*

Fleire av ungdomane viser og til kor viktig relasjon er når det kjem til direkte konflikhtar og

korleis dei reagerer på møtet med den vaksne.

*Jeg roa meg kanskje ned fortere vist det var noen jeg likte som skulle stoppe meg. Det handla litt om person.*

Vaksne som er autoritære og brukar makt, blir rapportert å skape motstand av eit par av ungdomane

*Når de skal vere sånn autoritære, å ha makt å sånn, så ja jeg liker ikke sånne personer da som bare er, når det er andre folk der så er de så jævlig grei liksom åsså er du aleine med de skikkelig dritt mot deg.*

Vaksne som blir oppfatta som at dei ikkje bryr seg eller ikkje framstår som ekte, blir rapporterte at bidreg negativt når det skal knytast band.

*Nei jeg tror ikke de brydde seg jeg. Eller så prøvde de for mye liksom.*

Dei fleste ungdomane viser til at det er vanskeleg å dele egne erfaringar når dei vaksne ikkje deler av sine. Dei opplever at der er eit misforhold i at personalet ynskjer å verne om eige privatliv på same tid som dei forventar at ungdomane skal vere opne om sitt privatliv.

*Du sat liksom spørsmålsteikn ved alt. Berre kvifor dei ikkje ville seie det. Kva som gjer det. Du blir sittande å tenkje å tenkje. Å lure, så tenkjer du kanskje at kvifor får dei lov til å vite alt om meg, når eg ikkje får lov til det med dei. Å når vi spurte om noko veldig personlig så ville ikkje dei seie det. Det var å begynte å prate om andre ting. Det la vi no veldig godt merke til.*

Alle ungdomane har fokus på at dei vaksne bør vere personlege og gi av seg sjølve. Om dei vaksne klarer å balansere på grensa mellom det å vere profesjonell og personleg verkar det positivt for ungdomane. Om dei vaksne ikkje evnar å halde denne balansen, opplever ungdommane dette negativt.

*Noen ansatte må jo bare fortelle hva som skjer, (latter) å noen klarer å holde på det å man skal jo ikke snakke med ungdommene om sånt. Det ble mye personlig da innpå der synes jeg.*

*Dei held igjen om privatlivet sitt. Men dei er open om at dette er en jobb og eg er her fordi eg vil gjere dette, ikkje fordi eg får betalt for det. Så eg fekk bli kjent med alle dei, like mykje egentlig. For dei var opne å ikkje noko sånn inneslutta på noken måte. Å om du lurte på noko så sa dei det. Med mindre det var veldig personlig da*

Fleire av ungdomane rapportere at gjensidig tillit må til for å knyte band.

*Visst det var noko eg lurte på så kunne dei sagt det vist dei følte dei stolte på meg også. For det er ikkje berre vi som skal stole på dei. Det må jo gå tilbake også. Men eg følte det var veldig mykje fokus på oss, å ikkje dei.*

*Det er det samme som de jeg ikke liker jeg sier ingenting til dem. Å du sier ingenting til dem når du blir sur heller.*

### **Oppsummering relasjon**

Alle ungdomane opplyser at dei er bevisste på kven dei knyter seg til. Ungdomane fortel om mange eigenskapar dei ser etter i vaksne som dei ynskjer å knyte band til. Ungdomane rapporterer at dei ser etter vaksne som forstår ungdom, er opne, har same interesser som dei, har humor, behandlar ungdom som likeverdige menneske, har kunnskap, er fleksible, bidreg til aktivitet og er personlege i møte med ungdomane og i å handheve reglar. Fleire er og opptekne av at det skal vere ei nærleiksstemming. Nokre av ungdomane viser at dei ser på vaksne som bryt reglar som fleksible, som igjen betyr at dei bryr seg. Medan andre ungdomar tek meir ansvar for å knyte relasjon sjølve og ynskjer ikkje at personalet skal bryte reglar for å kome nærare ungdomane. På same tid blir det framheva av alle at det er viktig at personalet tilpassar seg ungdomane sine behov for å klare å kytte band.

Relasjon er noko alle ungdomane viser til som ein faktor som påverkar om ein opnar seg for vaksne. Alle ungdomane fortel at dei er selektive i kven dei snakkar med. Relasjon blir og rapportert som ein faktor som bidreg til at ungdomane yter mindre motstand og er mindre i opposisjon.

Ungdomane uttrykkjer eit ynskje om at dei vaksne skal vere i lag med dei fordi dei virkelig bryr seg, er ekte og har tillit til dei. Ikkje berre fordi ein får betalt for å vere på jobb. Om der

er eit for stort misforhold mellom at ungdomane deler sine erfaringar og at personalet ikkje gir av seg sjølv uttrykkjer fleire av ungdomane at dette er vanskeleg. Ungdomane fortel at gjensidig tillit er avgjerande for dei. På same tid blir det uttrykt at det er viktig at personalet ikkje blir for personlege. Ungdomane rapporterer at om dei vaksne er autoritære og nyttar makt, er det faktorar som bidreg til at dei tek avstand.

### **3.3.1 Ungdomane si rolle**

Ungdomane viser at dei har forskjellige opplevingar av kven som har ansvar for at det går bra i institusjon. Nokre ser det slik at det er opp til dei sjølv om ein får høve. Om ein klarer å tilpasse seg reglar, er dette eit tillitsgrunnlag som gir høve til større fridom.

*Nei det var jo, Asså eg fikk jo ikkje lov å gå ut faktisk, det var asså generelt så er det jo regel om at første to vekene er på ein måte som ei prøve for å sjå korleis ein oppfører seg å om der er noko risiko for at eg går ut å gjer eit eller anna eg ikkje burde gjere, som eit eller anna dop, eller eit eller anna slikt piss, men dei såg vel fort at eg var jo ikkje noko av den typa*

Medan andre legg meir av ansvaret for kva som er mulig på dei vaksne.

*Nei. Det er bare voksne her som bestemmer. Jeg fikk ikke lov å bestemme når eg skulle spille og kor lenge. 2 timar og fire timar i helgene, men jeg får ikke lov å bruke tinga mine jeg. Jeg må sitte her (tv stue) å se på, eneste jeg har er mobil.*

Dette gjeld og eigen utvikling i institusjonen. Fleire av ungdomane ser på åtferd sett på som eit val kvar enkelt har i møte med systemet og dei vaksne. Har ein negativ utvikling, er det ungdomen sitt ansvar.

*Ja det handlar jo om kva du velger sjøl da, for det er jo lett å skylde på andre å seie at du bestemmer det, og du bestemmer det å det er urettferdig, men det er jo her vertfall så er det jo sånn at det går på ka du sjøl velge å kordan du oppfører deg da.*

Om ein er ein kranglete person uttrykkjer nokre av ungdomane at det er din eigen feil, Det er ikkje personalet som gjer ein dårlig jobb.

*Det kan vere det ja, det kjem liksom litt an på, på ka type person du er om du er en sånn kranglete person eller at du er sånn at når du er redd så går du i forsvarsposisjon, å tenke at de gjer ikkje en bra jobb.*

Medan eit par av ungdomane legg ansvaret for om det går bra eller dårleg på institusjonen og dei vaksne.

*Men egentlig institusjonen, det var dem som starta det da. for det var de som satte meg i kontakt med folk å sånn, de andre jeg bodde med... Før jeg flytta fra mamma hadde jeg alltid lyst til å prøve rus, men jeg fikk aldri tak i. Da var jeg bare 11-12 år ikke sant å ganske vanskelig da ikke sant. Men så bodde jeg sammen med noen som gjorde det.*

Dei fleste ungdomane ser det som deira eige ansvar å knyte seg til dei vaksne.

*I starten var no det kanskje det at dei spurte litt spørsmål å sånn, åsså er jeg naturlig en ganske open person. Vertfall viss jeg føler at jeg bør vere det å sånn, men jeg tenkte at det var liksom nødvendig sidan jeg skulle vere at med dei 24/7 så var det kanskje litt lurt å danne et bånd da ivertfall til en viss grad sånn at jeg kunne snakke med dei å sånn at dei forsto situasjonen min å sånne ting.*

Mindretalet av ungdomane la ansvaret for å bygge relasjon og kome overeins, i hendene på personalet.

*Da begynte jeg å bli litt sånn, jaja, litt sånn seriøs fyr. Men han kødda også når jeg har blitt litt bedre kjent med han. Å det liker jeg. Så må gi folk en sjanse.*

Dei fleste ungdomane viser at dei tek også på seg ansvaret for å ha ein god tone med vaksne dei ikkje kjem godt overeins med.

*Nei jeg prøver bare å vere helt normal, å prate til de som en vanlig måte, respektere dem egentlig, selv om jeg ikke liker dem.*

Mindretalet reagerer på vaksne dei ikkje likar med å gå i opposisjon.

*Så jeg diskuterte mye ja, gidde litt faen egentlig mot dem.*

Fleire av ungdomane fortel at dei tek på seg ansvaret for å oppnå endring og utvikling i institusjon. Dei ser det slik at personalet gjer det dei kan. Om det ikkje strekk til, er resten opp til ungdomen sjølv.

*Eg føler dei prøvde alt dei kunne, dei sendte meg jo til psykolog. Fordi om eg ikkje klarte å prate med dei så kanskje dei klarte det betre med psykolog. Å dei passa på meg heiletida, å spurte heile tida kor det gjekk å vist eg ikkje ville ete mat, så kom dei inn å gav meg mat inn på rommet. Å det brukte dei ikkje gjere. Så eg følte liksom at dei prøvde alt dei kunne, å meir kunne dei ikkje gjort egentlig. Det var opp til meg sjølv.*

Ungdomane seier at dei tek på seg ansvar for følelsane til dei vaksne og situasjonen t.d. når dei er usikre og ikkje klarer å snakke med dei unge.

*Selvfølgelig dei prøvde dei med, men det var litt sånn at det blei litt klein stemning, at vi berre satt å såg i veggene å, dei viste ikkje heilt kva dei skulle spørre meg om. Men da laga eg litt sånn atmosfære sjølv da om at eg ikkje visste heilt kva eg skulle seie.*

Andre ungdomar viser at dei dømmer dei vaksne ut frå kva stemning som oppstår.

*Jeg føler at de (voksne) er litt creepy*

Fleire av ungdomane fortel om observasjonar og vurderingar av andre ungdommar dei bur på institusjon ilag med, som ikkje klarer å skape tillit til personalet. Fleirtalet av ungdommane som blei intervjuet meinte at ungdomar som ikkje klarer å skape tillit til vaksne, sjølve har ansvaret for at dei ikkje får det til.

*Det var en del av ungdomane som ville ikkje prøve å skape tillit til de (vaksne), dei var liksom så lei av det livet.*

Ungdomane som sjølve opplevde å ha eit vanskeleg forhold til personalet ser dette annleis. På grunn av ei gjensidig mistillit, kjem dei vaksne ikkje i posisjon til å hjelpe.

*Nei, dei var vel litt meir enkle for å snakke med oss som, det kom nå an på korleis vi var som person da. Noken var jo kjempe sinte. Å nekta å prate med dei fordi dei stolte ikkje på dei i det heile tatt. Eg trur mykje av det på institusjon er korleis ein er sjølv. Ikkje kor vaksne er der. For dei er jo alltid der, å dei prøvar alltid. Dei prøva like mykje nesten alle dei, på alle måtar.*

*Jeg får lyst til å stikke av, jeg stakk som regel av da (latter), det var ikke bare derfor jeg stakk av, men jeg orka ikke å vere der. Det var ikke noe galt som skjedde sånn stort galt, men du vart lei av alt det der bråket.*

### **Oppsummering ungdommen si rolle**

Kva eiga rolle spelar inn påå korleis ein har det i institusjon, rapporterer ungdomane i hovudsak to differensierte syn. Nokre rapporterer at mykje er opp til at dei sjølve tilpassar seg, slik at personalet har grunnlag for å bygge tillit å gi fridom. Den andre gruppa rapporterer at dei i større grad legg ansvaret for tillit, relasjon og ein god tone mellom ungdomane på dei vaksne. Dei fleste ungdomane beskriv og at det er deira eige ansvar å oppnå endring og utvikling i forhold til problem og utfordringar dei har. Desse ungdommane rapporterer at dei vaksne er der for å ivareta og støtte, men kan ikkje hjelpe med det som er vanskeleg.

Ungdomane som rapporterer å ha eit vanskelig forhold til personalet, viser at det utviklar seg gjensidig mistillit som gjer at dei vaksne ikkje kjem i posisjon til å hjelpe.

### **3.3.2 Eigne livshistorier i møte med institusjonen.**

Alle ungdommane beskriver at dei til tider er aktiverte eller må vere på vakt i institusjon på bakgrunn av tidlegare historie. Dei rapporterer at dette gjeld spesielt i starten av opphaldet i institusjon, før dei har blitt trygge på dei vaksne.

*Nei jeg bare følte meg ikke trygg på dem, å de skulle stoppe meg med, å dem stoppa meg da. Jeg klarer ikke gå forbi en to meter høy mann liksom.*

To av ungdomane rapporterer ei vedvarande utfordring i opphaldet på institusjon, der eigen aktivering gjer at dei kjem i konflikt med vaksne.

*Jeg føler på dem? Jeg føler egentlig bare, jeg har egentlig lyst å, det er noen av dem jeg er lyst til å bare daske ned, men jeg gjør ikke det. Så derfor knuser jeg heller ting. Derfor slår jeg heller ting inn i veggen, den jeg har i hånda viss jeg plukker opp noe.*

Fleire informantar viser til utfordringar om natta knytte til søvn. Ein kan t.d. vere redd for farar utanfor institusjonen og nyttar nattevakt som trygging.

*Ei natt eg var veldig redd, så hadde vi nattevakter da. Så sa eg til han om han kunne passe litt ekstra på meg, så var han veldig ofte inn da og sjekka.*

Eller ein kan vere aktivert på grunn av det som er inne i institusjonen. Ein ungdom rapporterer til dømes det som eit problem når ein ikkje kjenner dei vaksne som må kome inn og sjå på rommet om natta, og med dette blir nattevakta ein trussel.

*Dei hadde vakter overalt liksom, alt var liksom vokta da på ein måte. Å dei hadde folk som gikk inn til folk å sjekka på dei på natta. Så eg fekk ikkje sove første veka på grunn av det.*

### **Oppsummering, eigen livshistorie i møte med institusjonen.**

Alle ungdomane rapporterer at dei har levd i familiesituasjonar med omsorgsvikt. Dei viser og til at dei til tider er aktiverte eller må vere på vakt og at dei vaksne sine handlingar er avgjerande for om dei blir trygge.

# 4 Diskusjon

## 4.1 Opplevinga av institusjonen og dei tilsette

Ungdomane i denne oppgåva er grunnleggande positive til institusjonane dei bur eller har budd i. Dei viser til kor viktig det er å bli sett, forstått og respektert av dei tilsette. Trass i at alle ungdomane tykte det var skummelt å bli plassert og viser at dei er utrygge første tida i institusjon, rapporterer dei at tilsette overraska dei positivt. Ungdomane rapporterte at måten dei tilsette oppførte seg på bidrog positivt. Dei møtte ungdomane med respekt og forståing i tillegg til at dei gav god informasjon om institusjonen.

Bath (2008b) sine litteraturgjennomgangar har blitt brukt som noko av faggrunlaget og undervisningsmateriellet i Bufetat si storsatsing Handlekraft (RVTS-Sør, 2014). Dei må derfor tilskrivast stor vekt i ein diskusjon knytt til korleis ein arbeider og møter ungdomar i norske barnevernsinstitusjonar. Bath (2008b) viser til at mange born i barnevernet har relasjonstraumer, og at traumene kan gi same symptoma som posttraumatisk stressyndrom og anna psykisk sjukdom. Symptoma Bath (2008b) viser til, er mellom anna ufrivillig gjennoppleving av t.d. mareritt og flashback, unngåing, aktivering, konsentrasjonsvanskar, åtferdsproblem, tilknytningsskadar, affektregulering, og mangel på sjølvkontroll. Schore (1994) beskriv at den største og mest signifikante konsekvensen av relasjonstraumer, er tap av evne til å regulere intensiteten og kor lenge affektar varer. Likevel er det mange av desse ungdomane som ikkje møter diagnosekriteria til for eksempel PTSD eller anna psykisk sjukdom. På bakgrunn av at ungdomane kan vere på vakt og aktiverte, blir dei ofte vurderte som hyperaktive og kan få utløp som åtferdsproblem (Bath, 2008b). Dei fleste ungdomane i denne oppgåva fortel om vaksne som er sensitive og møter dei på måtar som bidreg positivt når dei har det vanskeleg. Nokre av ungdomane har slik eg ser det erfaringar der dei vaksne ikkje evnar å møte dei traumebevisst. Desse ungdomane rapporterer at dei negative erfaringane er knytte til konsekvensar etter uynskt åtferd eller handlingar. Ungdomane rapporterer og om vaksne som møter dei negativt på grunn av t.d. usemje og konfliktrar i personalet.

Chama and Ramirez (2014) hevdar i sin kvalitative studie at god atmosfære i institusjon, kan bidra til at ungdomen vil delta og spele på lag med dei vaksne. Funna til Chama and Ramirez

(2014) peikar på at ei slik atmosfære kan gjere det mulig for ungdommen å sette pris på institusjonen. Om ein oppnår eit slikt samspel, kan det leie til at ein får betre og sunnare relasjonar mellom ungdomar og tilsette.

Informantane i mi oppgåve som opplever å ha møtt vaksne i institusjon som har sett deira behov, rapportar at et dei har erfaringar med at dei negative forventningane har blitt dempa og endra. Andre ungdomar i mi oppgåve har andre erfaringar. Dei rapporterer at tilsette reagerer negativt på den negative åtferda. Dei unge og dei tilsette kjem då i det eg tolkar å vere ein negativ spiral i forhold til kvarande. Ungdomane som viser at dei har klart å snu det som i utgangspunktet var negative forventningar til institusjonen til noko positivt, uttrykkjer at dette var fordi dei evna å seie ifrå. Dei hadde styrke til å gjere noko for å endre på situasjonen. Dei tok ansvar sjølve. Informantane rapporterer at dei tilsette lytta og tok grep i forhold til det ungdomen fortalte. Dette kan tolkast som at ungdomen sin styrke til å seie frå, gjer at dei tilsette får høve til å gjere det trygt.

Ungdomane i oppgåva som rapporterer at dei er mest utrygge er dei som har erfaringar med uføreseielege tilsette. Det gjeld både hendingar dei sjølve har vore involverte i, men og observasjonar av tilsette i samspel med andre ungdomar. Tilknytingsangst og hyperaktivering av tilknytningssystemet, kan vere reaksjonar på at t.d. foreldre reagerer inkonsekvent på at born gir uttrykk for behov, sårbarheit og negative emosjonar. Dette kan vere uføreseieleg for barnet. Nokre gongar vert barnet møtt med støtte, andre gongar med frustrasjon eller med ein fråverande vaksen. Eit uføreseieleg omsorgsklima kan føre til at ungdomen ser det som mest føremålsteneleg å vere på vakt. Det kan resultere i eit kontinuerleg sårbart uttrykk, behov og sinne i relasjonen. Det kan vere fordi strategien i nokre høve fungerer, og at åtferda fangar merksemda til relasjonspartnaren. I andre høve kan denne åtferda stadfeste det ungdomen fryktar mest, ei oppleving av å bli forlaten og avvist. Det som starta som ein måte å få merksemd og støtte på, kan utvikle seg til eit negativt mønster. Dette kan bekrefte ungdomen sine negative forventningar og frykt (Shaver & Mikulincer, 2014).

#### **4.1.1 Korleis opplever ungdomane at dei vaksne møter dei når dei har det vanskeleg?**

Synet ungdomane har på plasseringa, verkar å ha innverknad på korleis dei opplever og forhold seg til institusjonen og dei tilsette der. Ungdomane som rapporterer å vere einige i og ser plassering i institusjon som ei løysing på eit problem utviklar slik eg tolkar det, raskare eit tillitsforhold til dei tilsette enn dei som ikkje opplever plasseringa slik. Haldninga til plassering ser ut til å samanfalle med haldninga ungdomane har til eiga rolle i institusjon. Andreassen (2003) som har vore sentral i utviklinga av norske barnevernsinstitusjonar, presenterer i ei kunnskapsoversikt over nordisk og internasjonal forskning, både meta-analysar og enkeltstudiar. Dei fokuserer på barne- og ungdomsinstitusjonar som behandlingalternativ. Andreassen (2003) ser på kva som skal til i eit teoretisk perspektiv for å behandle ungdom med åtferdsproblem i institusjon. Ungdomane i mi oppgåva som ser på plassering i institusjon som ei løysing, rapporterer i større grad at dei tykkjer det er opp til dei sjølve å tilpasse seg system og reglar, bygge relasjon og at fridom bør vere resultat av gjensidig tillit. Dette passar med det Andreassen (2003) viser til i si oversikt. Han presenterer at ungdomane må gjere seg fortente til tillit og fridom før dei kan få det. Ungdomane i mi oppgåva som har eit syn som samsvarar med Andreassen, er ungdomar som rapporterer at dei ikkje har vore i konflikt eller har utfordringar med personalet. Ungdomar i mi oppgåva som viser til fleire negative erfaringar med vaksne i institusjon, er i større grad i opposisjon til reglar og vaksne. Desse ungdomane formidlar at dei opplever gjensidig mistillit. Dei stolar ikkje på dei vaksne og dei vaksne ikkje stolar på dei unge. Ungdomane ser det i større grad som personalet sitt ansvar å knyte band og gjere seg fortente til relasjon. Slik eg ser det fungerer Andreassen (2003) sine funn best på ungdomane som ikkje viser åtferdsproblem som kan kome av relasjonstraume.

Grunnlaget for at eg stiller spørsmålsteikn ved bruken av Andreassen (2003, 2005) sin kunnskap er at han slik eg ser det i stor grad forhold seg til symptoma til ungdomane, ikkje til smertene som ligg bak åtferda deira. Målgruppa til Andreassen (2003, 2005), er rett nok ungdom med alvorleg åtferdsproblematikk. Relasjonstraume kan gi negativ åtferd (Anstorp & Benum, 2014), og med dette kan ungdom med relasjonstraume bli plassert i norske barnevernsinstitusjonar. Utfordringa kan då vere institusjonane kan ha ei målsetting om å endre åtferd med utgangspunkt i forskinga Andreassen (2003) presenterer. Bunkholdt et al. (2010) viser til at forskinga til Andreassen også blir brukt som grunnlag for arbeid i

institusjonar også utanfor målgruppa som forskinga er retta mot. Institusjonane kan då vere system der ungdomen må vise at dei kan gjere seg fortente til tillit og fridom ved å følgje og dermed stole på system og vaksne. For nokre av ungdomane i denne oppgåva verkar ein slik måte å tenkje på godt. Dei uttrykker at ein må gjere seg fortent til tillit og at belønningssystem er rettferdig. Andre ungdomar uttrykkjer i større grad at dei ser slike system som urettferdige. Slik Bath (2008b) presenterer kunnskap om relasjonstraumatisert ungdom, kan ein med dette legge opp til å plassere ungdomane i system dei er programerte til å kjempe imot. Slike system kan etter mi meining risikere å skape negative spiralar for ungdomane, der dei ikkje får høve til å oppnå relasjon og tillit.

Eg kan sjølv sagt ikkje argumentere mot Andreassen si oppsummering av kva forskinga seier fungerer i behandling av åtferdsproblem. Andreassen har lite fokus på kva åtferdsproblema kjem av. Han ser på emosjonsuttrykka, ikkje årsaka og smertene som ligg bak. Ein kan då gi born og unge med internaliserande eller eksternaliserande emosjonsuttrykk i form av negativ åtferd, ansvaret for erfaringane bak relasjonstraumene. Barnevernsproffane (Halvorsen, 2015) og forskinga til Kayed et al. (2015) viser at ungdomar i institusjon, sjølv uttrykkjer at ein i norske barnevernsinstitusjonar i for stor grad tek tak i symptom på utfordringar og ikkje utfordringane sjølv.

Aarre (2010) argumenterer på lik linje med barnevernsproffane at mange psykiske plager ikkje kan samanliknast med maskinfeil som har ei gitt løysing som gjeld alle, men som naturlege reaksjonar på negative livserfaringar. Han lyfter fram heilskapsspektivet og at kvar enkelt erfaring må sjåast i ein samanheng. Det er ikkje berre pasienten eller ungdomen t.d. i institusjon det er noko gale med. Det handlar og om omgivnadene og korleis dei påverkar individa. Dette er og eit sentralt punkt som samsvarar med konklusjonen i forskinga til Andreassen (2003). Dei fleste ungdomane i mi oppgåve viser til at dei er i institusjon på bakgrunn av forhold som ligg utanfor dei sjølv og ingen av dei identifiserer seg sjølv med det å ha psykiske problem.

Det var ingen av ungdomane i mi oppgåve formulerte at dei forventar eller oppfattar at dei vaksne kunne eller skulle hjelpe dei med det som var grunnlaget for at dei vart plasserte i institusjon, det som ligg bak utfordringane deira. Ungdomane ventar at dei vaksne skal vite korleis møte ungdom, ivareta og snakke med dei om det som er vanskeleg på ein god måte. Utover dette, uttrykkjer ungdomane at dei ynskjer personlege, nære, opne, ærlege og fleksible

vaksne som dei har noko felles med. Ingen sa at dei forventa at relasjonen til dei vaksne i barnevernsinstitusjon skulle vere terapeutisk. Men nokre seier dei skulle ynskje at dei vaksne gjorde meir for å hjelpe dei med det som var vanskeleg. Nokre var klare på at problema dei hadde er deira eigne, noko dei sjølve har ansvaret for.

For meg verkar det å vere eit stort potensiale i å hjelpe ungdomane med emosjonsuttrykka som kan vere resultat av relasjonstraumene. Potensialet kan ligge i kompetansen og i systema ein har tilgjengeleg i institusjonen og i spesialisthelsetenesta. Liknande tendensar i synet på vaksne som ungdomane i mi oppgåve rapporterer om, viser ungdomane i Soenen et al. (2013) sin mindre kvalitative studie. Ungdomane i studien til Soenen et al. (2013) viser i større grad til personlege faktorar enn dei legg vekt på profesjonelle og terapeutiske faktorar hjå den vaksne når dei skal beskrive ein ideell tilsett. Om ungdomane ikkje ser på miljøterapeutane som terapeutar, men som gode eller dårlege omsorgsgivarar/ autoritetar er der då eit godt nok grunnlag for eit samspel som skal bidra til endring og utvikling? Eller er god omsorg godt nok som behandling?

Bath (2008b) viser til at mykje heling frå trauma kan skje i det han beskriv som ikkje terapeutiske omgivnader som på skule, i relasjon til sosialarbeidaren osv. Han legg vidare vekt på at behandling i slike omgivnader vil vere komplekst og ta tid. Aarre (2010) viser til effekt av spesifikke behandlingsmetodar og den medisinske modellen sin tanke om at det er spesifikke ingrediensar i metodar som gir effekt for pasienten. Heling av psykisk sjukdom er i liten grad direkte resultat av metode (Aarre. 2010). Han set spørsmålsteikn ved den medisinske modellen sitt syn og konkluderer med at kontakt mellom terapeut og pasient i seg sjølv kan vere terapeutisk, uavhengig av metode (ibid). Han presiserer at det er pasientar som får avgjerande hjelp av psykoterapi eller medisinar som aldri treng meir behandling, men at dei er i mindretal. Bodskaen til Aarre (2010) er at metodane ikkje treffer alle. Han viser til at metode står for ca 15 % behandlingseffekt. Resten ligg i det som ikkje er spesifikt. Etter Aarre (2010) sitt resonnement, kan ein tenkje at det er i det uspesifikke at miljøterapien og institusjonsbehandlninga kan ha sitt potensial. Eit fokus på å ”forbedre oss systematisk i de uspesifikke sidene av behandlingen, som faktisk står for en langt større del av behandlingen” (Aarre, 2010, s. 64). I og med at ungdomane i denne oppgåva ikkje ser på dei vaksne som terapeutar, men som omsorgspersonar, verkar det å vere dei uspesifikke faktorane ungdomane sjølve legg vekt på.

Bath (2008b) viser til at det er mange faktorar som spelar inn i relasjonstraumebehandling, men at det er tre faktorar som er mest vanlege å ha fokus på for å oppnå endring. Den første er tryggleik som Bowlby (1988) viser til som eit grunnleggande utviklingsmessig behov, og at funksjonen til tilknytingsåtfærd er å oppnå tryggleik. Nokre av ungdomane i denne oppgåva viser til erfaringar der smerteuttrykka deira blir møtte med vaksenåtfærd som bidreg til utryggleik. Bath (2008b) viser til at åtfærd på bakgrunn av at smerter ofte skaper reaksjonar i vaksne som bidreg til meir smerte. Det står i motstrid til tryggleik.

Den andre faktoren er relasjon til vaksne. Denne er tett knytt til tryggleik. Bath (2008b) viser til at positive relasjonar er avhengige av tryggleik, og om ein er trygg er avhengig av positive relasjonar til vaksne. Byers and Lutz (2015) viser til at den terapeutiske alliansen er viktig, og at ei oppfatning av at relasjonen bør vere terapeutisk er sentralt i arbeidet med ungdom med emosjonelle og åtferdsmessige utfordringar. Bath (2008b) viser også til kor viktig den terapeutiske relasjonen er for utfallet av psykoterapi. Fleire ungdomar i denne oppgåva viser til at nye erfaringar med vaksne kan bidra til å stadfeste negative erfaringar, eller bidra til at dei blir tryggare på vaksne. Ungdomane rapporterer at dei vaksne gjennom haldning og handling må vise at dei er til å stole på. Bath viser til at ein positiv relasjon kan bidra til å restrukturere assosiasjonane ungdomar har til vaksne med positive assosiasjonar som kan bidra til positive emosjonar. Han viser og til at nye erfaringar kan hjelpe til å utvikle evna til å skilje mellom vaksne som er truslar og vaksne som er trygge. Dette står slik eg ser det i motstrid til perspektivet Andreassen (2003) presenterer der, det i større grad er opp til ungdomane å tilpasse seg systemet for å oppnå tillit.

Den siste faktoren som (Bath, 2008b) presenterer, er evna til å regulere emosjonar. Han viser til at toleransevindauget til ungdomar utsette for relasjonstraume, er smalare og mindre fleksibelt enn for ungdom med normale utviklingsløp. Nordanger og Braarud (2014) viser i sin litteraturgjennomgang til at grensene for hypo og hyperaktivering er individuelle og er påverka av erfaringar og emosjonell tilstand. Det i tillegg til faktorar som temperament og sosial kontekst. Bowlby (1971) hevdar at tilknytingsfigurar kan bidra med ei trygg fysisk og emosjonell hamn. Hamna hjelper til med å nedregulere negative affektive tilstandar. Ho kan vere ein sikker base som oppmuntrar positive affektive tilstandar. Di kan bidra til utforsking og læring. Med dette kan hamna støtte kunnskaps og ferdigheitsutvikling (Bowlby,1971).

Med både eit åtferdsterapeutisk og eit traumeteoretiske perspektiv praktiserer institusjonane til Bufetat i verste fall to motstridande kunnskapsgrunnlag. I beste fall kan tankegangane slik eg ser det vere komplimentære. Fleire av åtferdsinstitusjonane til Bufetat blir no i motsetning til tidligare, karakteriserte som behandling sinstitusjonar. Slik eg ser det, set denne diskusjonen lys på kor viktig det er å forske meir på om ungdom faktisk oppnår endring og utvikling. I tilfelle, kva faktorar som bidreg til behandling, utvikling og endring i norske barnevernsinstitusjonar. Brukar ein åtferdsterapeutiske metodar der ein treng traumebevisste metodar, eller klarer ein å balansere metodebruken slik at ein både arbeider med det som ligg bak åtferd og med åtferdsendring for dei som treng det?

Fleire av informantane uttrykkjer at dei er avhengige av ei positiv haldning til institusjonen for å skape gjensidig tillit til dei vaksne og systemet. Ungdomane i den relativt store studia til Dunn et al. (2010), viser til at haldning til institusjon og plassering og relasjon til dei tilsette, heng i hop med korleis ein har det i institusjonen. Ungdomane i mi oppgåve viser til at gjensidig tillit gir tilgang på godar som fleksibilitet, relasjonar og fridom. Slik eg tolkar det ungdomane uttalar, kan ein sjå på dette som ein sjølvforsterkande positiv syklus. Det kan og sjå ut som at om der denne gjensidige tillita ikkje er tilstades, kan det skapast ein negativ syklus der ungdomane ikkje får tilgang til godane som er i institusjon. Den negative syklusen tolkar eg også som sjølvforsterkande. Det blir ein mekanisme ungdomane verkar å ha vanskar med å kome seg ut av. Eit fleirtal av ungdomane i Rambøll (2014) si store brukarundersøking for barn i statlege og private barnevernstiltak, rapporterer at dei har det bra i institusjon, stolar på dei vaksne, føler at dei vaksne stolar på dei og er trygge i institusjon. Dette passar godt med mine funn der dei fleste ungdomane uttrykkjer at dei er nøgde i institusjon. Mindretalet i Rambøll (2014) opplever ikkje at dei har det bra. Dei er ikkje trygge eller dei har ikkje ei gjensidig tillit til dei vaksne. Det og samsvarar med opplevingane til ungdomane i mi undersøking. Informantane i denne oppgåva, i forskinga til Kayed et al. (2015) Dunn et al. (2010); Llosada-Gistau (2014) og Rambøll (2014), gir etter mi meining eit grunnlag for å sjå nærare på samanheng og faktorarar i korleis ungdomane oppfattar institusjonen og relasjonen til dei tilsette, og utviklinga dei har i institusjon.

## 4.2 Relasjon

Ungdomane som er intervjuet i denne oppgåva uttrykkjer at dei er bevisste på kven den knyter seg til. Dei peikar på at tilsette som veit kva dei skal gjere, og korleis dei skal møte ungdom som har det vanskeleg, står sentralt for å knyte band. Bowlby (1988) hevdar alle menneske er fødte med eit medfødd psykologisk system som motiverer til å søke nærleik til signifikante andre. Dette systemet oppnår grunnleggande regulerande funksjonar hjå menneske i alle aldrar, men kan best observerast hjå spedbarn og i tidlig barndom (ibid). Bowlby (1973) beskreiv og viktige individuelle forskjellar i korleis tilknytningssystem vart forma av sensitiviteten og støtten i tilknytingsfigurane. Interaksjonar med tilknytingsfigurane som er sensitive når noko er vanskelig, fremmar at tilknytningssystemet fungerer optimalt. Det fører og til ei trygg tilknytingsoppleving. Denne djupe og overbevisande opplevinga av ein trygg base, er basert på ei oppleving og tru på at verda generelt er trygg og at tilknytingsfigurane er til hjelp når ein treng dei. Dette gjer at ein nysgjerrig kan utforske omgivingane og kan nærme seg andre menneske utan unødig frykt. Tryggleiksopplevinga er grunna i ein positiv mental representasjon av ein sjølv og andre. Bowlby refererer til dette som interne arbeidsmodellar. Når ein ikkje kan stole på at ein tilknytingsfigur er tilgjengelig eller støttande, ikkje evnar å bidra med adekvat støtte eller redusere stress, kan born utvikle negative interne arbeidsmodellar av seg sjølve og andre. Dei kan utvikle forsvarsmekanismar kalla sekundære tilknytingsstrategiar. Dette kan innebære at tilknytningssystemet bli hyperaktivert eller deaktivert og gi ein grunntone som set potensiell premiss for korleis ein møter andre menneske for resten av livet.

Om grunntonen er definert av relasjonstraume, fordrar dette at dei vaksne har stor kunnskap om problemstillinga og om korleis ein kan møte ungdomane på beste måte. Bath (2008a) og handlekraftprogrammet til bufetat (RVTS-Sør, 2014) viser til samregulering som ein viktig terapeutisk faktor. Der kan ein som omsorgsperson i ein relasjon bidra til at ungdommen lærer å handtere og regulere umiddelbare emosjonar og utvikle sjølvkontroll. I eit åtferdsperspektiv vil konsekvensen av emosjonsuttrykket i seg sjølv bidra til læring. Andreassen (2003) si forskning viser at det er dei positive forsterkarane som har mest effekt og bør leggast vekt på.

Fleire av ungdomane i oppgåva, viser til tidlegare relasjonserfaringar og samanliknar dei vaksne i institusjon med desse erfaringane. Gjennom handlingane sine er det mulig for dei

vaksne å vise at dei er til å stole på. Liknande opplevingar blir rapporterte av ungdommane i den kvalitative studia til Chama and Ramirez (2014). Forskarane viser til ei behandling som legg vekt på å styrke og myndiggjere ungdomen som bur i institusjon. Chama and Ramirez (2014) hevdar at ei slik behandling krev ein kultur som skaper eit vennskapeleg og positivt miljø. Dei hevdar vidare at dette fordrar eit godt arbeidsmiljø hjå tilsette. Eit godt arbeidsmiljø gir grunnlag for å skape god atmosfære eller klima som kan appellere til ungdomane. Resultatet kan etter forskarane sine konklusjonar, vere at ein klarer å gi ungdomane ei oppleving av at livet i institusjon har ein verdi. Den kan føre til at dei blir positive til institusjonen (ibid). Informantane i min studie, støttar desse funna når dei viser til at kommunikasjon og samspel mellom tilsette er faktorar som bidreg i ungdomane si oppleving av tillit og tryggleik. Informasjon om eigen situasjon, blir også trekt fram som vesentleg. Alle ungdomane i mi oppgåve rapporterer at dei får god informasjon i institusjon, og at dei som er fast tilsette er føreseielege. Ungdomane rapporterer at det er vanskelegare å føresjå og i større grad utrygt, med nytilsette og ekstravakter.

Kopling mellom klima, samspel og trivsel finn ein og når ungdommane i mi oppgåva beskriv egne erfaringar. Dei unge som hadde udelt positive erfaringar med dei tilsette, kan tolkast til å vere ungdomar som er møtte på måtar som styrker og myndiggjer dei i eit godt klima. Slik kan dei tilpasse seg krava vaksne stiller i institusjon og sjå krava som positive.

Nordanger og Braarud (2014) opplyser om liknande mekanismar når dei viser til at sosial kontekst spelar inn i emosjonsregulering. Forskarane viser til at ein ofte kan tole meir, når ein er saman med nokon ein er trygge på. Ein kan og tenkje at dette er ungdomar med strategiar som bidreg til at dei klarer å tilpasse seg vaksne, trass i egne relasjonstraume. Andreassen (2003) viser og til at ungdomane si oppleving av autonomi, påverkar om dei er i opposisjon mot institusjonen og dei tilsette.

Rauktis et al. (2011) sin mindre studie, framhevar at ungdomane rapporterer at den største forskjellen mellom plassering utanfor heimen og heime, er det emosjonelle klimaet.

Ungdomane beskriv at institusjonsmiljøa har lav varme og emosjonell kopling mellom vaksne og ungdomar. Dei rapporterer også at dei opplever vaksne som føreseielege når det gjeld å bidra i å regulere ungdomane sine emosjonar. Ungdomane i mi oppgåva rapporterte blanda opplevingar av klima i institusjon. Alle hadde positive erfaringar, men dei fleste hadde i tillegg negative opplevingar. Etter ungdomane sine uttalar ser klimaopplevinga ut til å vere kopla til positive og negative erfaringar med enkeltpersonar sine handlingar og haldningar. I

eit tilknytningsteoretisk perspektiv kan ein sjå det som at målsetninga til ungdomane er å knyte seg til trygge vaksne. Ein kan tenkje at erfaringane kan bidra positivt for relasjonsbygginga til enkeltpersonane ungdomane har gode erfaringar med. På den andre sida kan ein sjå at erfaringa kan verke negativt for relasjonsbygging med dei vaksne som ungdomane har negative erfaringar med. Erfaringar med enkeltpersonar kan bidra til positive og negative syklusar. Ei sikker tilknytning, kan vere assosiert med eit ope sinn som gjer at ein evnar å vurdere situasjonar og regulere emosjonar med generelt lavt stressnivå og lite ubehag. Ein har ei konstruktiv tilnærming som bidreg til å ivareta relasjonar (Shaver & Mikulincer, 2014). Ungdomane i mi oppgåva rapporterer at dei kan ha det trygt og roleg når personalet dei har god relasjon til, er på jobb. Og motsett når dei tilsette ikkje får dei til å føle seg trygge.

Den vaksne si rolle i ungdomane si oppleving av livet i institusjon, går igjen i ungdomane sine fortellingar i denne oppgåva. Ungdomane som viser til eksempel der tilsette har gjort grove overtramp og reagert i det ungdomane viser til som affekt, fortel at dei er meir utrygge i institusjon. Ulset og Tjelflaat (2012) har i ein mindre studie sett at ungdom i norske barnevernsinstitusjonar rapporterer at tvangsbruk påverkar synet på institusjonen og på relasjonen dei har til dei vaksne. Ungdomane i forskinga til Ulset og Tjelflaat (2012) rapporterer og at tvang bidreg til at det blir utrygt. Det gir åtferd som fører til meir bruk av tvang i ein negativ syklus. Tvang er ein av faktorane ungdomane held fram som noko som gjer at dei ikkje opplever institusjonen som ein heim og som gjer at dei ynskjer å rømme. Ungdomane seier at faktorar som bidreg til mindre tvang i institusjonane er relasjon, positivt samspel og at dei unge opplever å bli hørt, sett og snakka med. Chama and Ramirez (2014) viser til at tilsette som manglar verdi og etikkforståing og som ikkje relaterer seg til ungdomar, er vaksne som nyttar straff for straffa sin eigen del. Forfattarane hevdar at straffande praksis leier i sin tur til ein negativ atmosfære som igjen kan leie til negativt utfall for ungdomane. Vidare konkluderer Chama and Ramirez (2014) at denne syklusen kan føre til at ungdomane utviklar negativ åtferd og negative haldningar overfor tilsette i institusjon og resulterer i traumatiske reaksjonar. Nokre av ungdomane i denne oppgåva viste til liknande reaksjonar. Dei rapporterte t.d. at på bakgrunn av tilsette sine reaksjonar, følte dei behov for å stikke av når dei blei utrygge. Dei fleste ungdomane i denne oppgåva har ikkje slike erfaringar med dei vaksne i institusjon.

Resultata både frå mi undersøking og Chama and Ramirez (2014) Rauktis et al. (2011) kan vidare tolkast som at om ein ikkje klarer å opprette tillit i botnen, kan ein både som ungdom

og tilsett i institusjon hamne ein i feil samspelsyklus. Konsekvensen av det kan vere at personalet må legge meir vekt på skape ein god relasjon til ungdomen (å finne rett nøkkel til rett ungdom), før dei stiller for store krav til at ungdomen skal prestere. Om det er slik at klima i institusjon er avgjerande for ungdomane sine muligheiter slik denne forskinga tyder på, bør dei vaksne ha eit stort ansvar for å bidra til god atmosfære. Dei vaksne bør og bidra i at ungdomane får ansvar og mynde i å utvikle eit godt klima. Bowlby (1988) legg vekt på at tilknytingsåtferd handlar om at barnet ynskjer å knyte seg til vaksne. Fleirtalet av ungdomane i denne oppgåva rapporterer at dei ser det som sitt ansvar å knyte band med dei vaksne og mellom anna vise at det er grunnlag for tillit. Med tanke på potensielle effektar av relasjonstraume, kan det vere at dei vaksne bør ha fokus på å bidra i denne prosessen. Det trass i ungdomane si potensielt negative åtferd. Om det er samanheng mellom tilgang til positiv syklus og tilgang på gode relasjonar, kan fokuset på denne mekanismen vere ein nyttig reiskap i barnevernsinstitusjonsbehandlninga.

#### **4.2.1 Ungdomane si rolle**

I prosessar der ein skal og må ha fokus på åtferd, er det sentralt som Andreassen (2003) trekk fram å ta omsyn til mellom anna risikofaktorar og miljø. Det er viktig å ha fokus på faktorar som kan fremme positiv åtferd, sosial trening og handlingskonsekvens i belønningssystem. Norske barnevernsinstitusjonar nyttar både historisk og i dag (Tjelflaat & Ulset, 2007). Skinner (Phillips & Soltis, 2000) har t.d. gjennom sine eksperiment vist at positive forsterkarar kan vere føremålsteneleg. Behavioristane har lagt vekt på å lønne ønska åtferd og å fjerne eller straffe uønskt åtferd. Utfordringa slik eg ser det er at sjølv om Andreassen (2003) sitt arbeid er retta mot ei anna målgruppe enn ungdom med relasjonstraume, blir forskinga hans også nytta i arbeid med ungdom med slike traume (Bunkholdt et al., 2010). I dette lyset går standpunkta til Andreassen (2003) slik eg forstår dei, imot synet eg presenterer. Andreassen (2003) legg vekt på at ungdomane må vise at dei fortener tillit og fridom ved å først vise at dei kan tilpasse seg reglar, system og normer. I ein slik tankegang, blir det ungdomane sitt ansvar å tilpasse seg systemet og dei vaksne, ikkje dei vaksne og systemet som må gjere seg fortente tilliten til ungdomane. Tek ein ikkje omsyn til konsekvensar relasjonstraume kan ha på åtferd og fungering både med grunnlag i ungdomane i denne oppgåva sine uttalar, rapporten til Rautkis et al. (2011) Ulset and Tjelflaat (2012) og Chama and Ramirez (2014), kan ein tenkje at ein legg opp til konflikt og å vidareføre

negativt oppvekstmiljø. I verste fall er eg tilbøyeleg til å karakterise dette som offentlig omsorgssvikt.

Tjelflaat og Ulset (2007) viser i det som er ei mindre kvalitativ studie, til at ungdomane rapporterer å ikkje få god nok innsikt og forståing i samanhengen mellom reglar og konsekvensar /straff i norske institusjonar. Ungdomane rapporterer og at dei ikkje tykkjer konsekvensane samsvarar med regelbrota. Ungdomane hevdar og at dei ikkje har nok innverknad på reglane. Eit fåtal informantar i mi oppgåve rapporterte slike tankar, medan dei fleste unge i denne oppgåva rapporterte at reglane var oversiktlege, fornuftige og føreseielege. Om ein skal ha nytte av åtferdsregulerande tiltak, ser eg det slik at det er ein føresetnad å kartlagge og arbeide med erfaringane som eventuelt ligg bak åtferda. Det er viktig at ein kjenner og forstår reglane og at konsekvensane er kjende og umiddelbare, ikkje at forma og tidspunktet er uføreseieleg.

Mota og Matos (2015) har i ei stor studie i ein kontekst lik Ainsworth sin Strange situation (Hagen, Da Silva, & Thelle, 2016), sett på ungdom i institusjon og kvalitet på tilknytning til dei næraste omsorgspersonane. Forskarane fann at kvaliteten på relasjonane viste positive korrelasjonar med psykisk velvære. Dette samsvarar med det ungdomane i denne oppgåva uttrykkjer når dei viser til at der er nokre tilsette dei har betre kontakt med enn andre, og at desse tilsette får ungdomane til å føle seg betre på fleire måtar. Mota og Matos (2015) fann samanheng mellom ungdomane sine evner til gode relasjonar og graden av resiliens i ungdomane. Funna i rapporten kan tyde på at kvalitet på relasjon til tilsette i institusjon føreseier om ungdomen har det bra i institusjon og påverkar resiliensutvikling. I studia til Mota og Matos (2015) blei resiliens forklart som evne til å halde ut, til sinnsro, sjølvtrillit og evne til å klare seg sjølv. Forfattarane konkluderer mellom anna med at born som ikkje kan bu ilag med primæromsorgsgivarar, men som har god kvalitet på relasjonar til tilsette i institusjon, har potensial til å utvikle resiliens. Forfattarane hevdar vidare at å etablere nye relasjonar med signifikante, tilgjengelege og støttande vaksne gjer det mulig for ungdomane å overvinne risikoen ved å inngå relasjon. Vidare hevdar Mota and Matos (2015) at slike relasjonar fremmar det å utvikle intern organisering av meir positive representasjonar for ungdomen sjølv og andre. Å etablere relasjonar, er hevda å føre til at ein ser den nye konteksten som t.d. institusjonsplassering som sikrere, enn situasjonen ein har vore i t.d. med foreldre. Ut frå resultatata i mi oppgåve, kan ein og sjå at nye positive relasjonserfaringar kan bidra til at ein får ei ny oppfatning av omgivnadene eller får endra dei indre

arbeidsmodellane. På same måte rapporterer ungdomane i denne oppgåva at nye negative erfaringar med tilsette, bidreg til at det blir meir utrygt og mindre tillit. Mota og Matos (2015) hevdar vidare at ungdom føler emosjonell nærleik i relasjonar med omsorgsgivarar når desse er tilgjengelege for dei og sensitive til deira personlege behov. Resultata mine og resultata til Mota og Matos (2015) kan tolkast til at ungdomane får stadfesta tidlegare negative erfaringar og verdsoppfatningar som igjen bidreg til at dei kan hamne i ein negativ utviklingsspiral i institusjon. Eller ein får nye erfaringar som gir nye verdsoppfatningar som bidreg til at ein kan hamne i ein positiv utviklingsspiral i institusjon.

#### **4.2.2 Eigne livshistorier i møte med institusjonen.**

Alle ungdomane rapporterer at dei har levd i familiesituasjonar med omsorgsvikt. Dei viser og til at dei til tider er aktiverte eller må vere på vakt, og at dei vaksne sine handlingar er avgjerande for om dei blir trygge. Alle ungdomane i denne oppgåva rapporterer om livserfaringar over tid som kan gi relasjonstraume. Dette kan i eit traumeteorietisk perspektiv vise at dei kan vere programmerte til å møte vaksne med negative forventningar (Bath, 2008b). Ungdomane i denne oppgåva viser til symptom som aktivering, unngåing, søvnproblem, åtferdsproblem og utfordringar med emosjonsregulering.

Kjelsberg og Nygren (2004) sin relativt store studie, viser at born og unge i institusjon har ein høg prevalens av emosjonelle- og åtferdsproblem i forhold til den generelle befolkninga. Med bakgrunn i at dei fleste som er plasserte i institusjon har erfart deprivasjon, omsorgsvikt og eller mishandling, plasserer dette ungdomane i risikosona for psykiske problem (ibid). I tillegg peikar rapporten til Kjelsberg og Nygren (2004) på sårbarheita og risikoen det er i seg sjølv å bli plassert utanfor heimen. Dette blir støtta av rapporten til Kayed et al. (2015) som intervjuar eit større utval born og tilsette i norske barnevernsinstitusjonar. Det blir og støtta av Llosada-Gistau (2014) sin rapport der relativt mange ungdomar med institusjonserfaring rapporterte om større utfordringar i forhold til livskvalitet enn referansegruppa. Forskarane viser og til at ungdom i institusjon ikkje rapporterer å ha det betre etter opphaldet (ibid). Begge desse rapportane fortel at ungdom i institusjon er ei utsett gruppe når det kjem til psykisk helse, og at ein stor del av denne gruppa rapporterer dårleg livskvalitet. Barnevernsproffane uttrykkjer at dei ikkje er einige i at det for born og unge i institusjon handlar om psykisk sjukdom. Dei er meir opptekne av at ungdomar i institusjon må bli møtte på at dei har reaksjonar på negative livserfaringar (Halvorsen, 2015).

Fleire av ungdomane i denne oppgåva fortel om emosjonelle utfordringar. Ein av dei viser til eit sjølvmondsforsøk. Trass i dette, uttrykkjer ingen av ungdomane ser det slik at dei har psykiske problem. Slik eg tolkar ungdomane sine uttalar knyter dei desse utfordringane til faktorar i oppvekst, eller som ein konsekvens av å bu i institusjon. Ungdomen som fortel om sjølvmondsforsøket, legg dette på frustrasjon kring faktorar hjå dei andre ungdomane i institusjonen. Uavhengig korleis ein kategoriserer problematikken meiner eg at ungdomane sine egne vurderingar av egne erfaringar, kan vere sentrale når ein skal utarbeide behandling i institusjon. Eg meiner resultatene i denne oppgåva peikar mot at dei vaksne og institusjonane har eit stort ansvar i å gjere det mulig å gi ungdomane rom for positiv utvikling. Ungdomar med relasjonstraumer må slik Bath (2008b) viser til bruke energi på å søkje tryggleik i motsetning til å fokusere på utviklingsfremmande aktivitetar. Sjølv når det er trygt, kan ungdomane vere i alarmberedskap. I slike situasjonar kan dei vaksne bli potensielle truslar, ikkje kjelde for tryggleik og støtte.

### **4.3 Validitet og reliabilitet**

Å oppnå like resultat ved å gjenta forsøk, blir ofte brukt som mål på det å vere påliteleg i medisinsk forskning. Dette er ikkje mulig i eit kvalitativt forskingsintervju (Malterud, 2003). Som forskar har eg vore aktivt deltakande i både datainnsamling, analysar, tolking og presentasjon av informasjon. Personane som deltek og konteksten dei er i, gjer at det ikkje blir mulig å repetere resultatene nøyaktig. Omgrepa validitet og reliabilitet er i utgangspunktet henta frå naturvitskaplege, positivistiske, kvantitative forskningstradisjonar (Dalen, 2004). I den kvantitative forskningstradisjonen, har ein standardiserte metodar for å måle validitet og reliabilitet. I kvalitativ metode er det eit mål å nytte mangfaldet intervjusituasjonen medfører og erkjenne at der er fleire gyldige kunnskapsversjonar og resultat ein kan få frå eit prosjekt (Malterud, 2003).

#### **4.3.1 Validitet**

Validitet handlar om kor gyldig informasjonen ein får frå ei datainnsamling er. Ein kan dele inn i intern og ekstern validitet (Malterud, 2003). Internvaliditet seier noko om relevans i kunnskap (ibid). Har ein brukt rette omgrepa, utvalet og verktøyet for setje lys på fenomenet ein ynskjer å studere (ibid)? Eksternvaliditet seier noko om i kva samanheng funn kan gjerast

gyldige, utanfor den konteksten dei er kartlagde i (ibid). Ingen kunnskap gjeld under alle omstende for alle formål.

### **Akuttinstitusjon**

Ein kan stille fleire spørsmål ved internvaliditeten i resultata i prosjektet mitt. Utvalet er det som skil seg ut. I ein kvalitativ studie er ikkje den største utfordringa at det er få informantar. Utfordringa med utvalet slik eg ser det, er at informantane i størst grad representerer akuttinstitusjonar. Ungdomane skal i utgangspunktet bu i akuttinstitusjon i kortare periodar (Bufdir, 2015b). Sjølv om alle ungdomane eg har intervjuar har vore på sine akuttinstitusjonar frå rett i underkant av to til fem månader, er dette kort tid i forhold til den ungdomen eg intervjuar med erfaring frå langtidsinstitusjon. Den informanten har budd på institusjon frå ungdomen var 13 år til 18 år. Det gir eit anna grunnlag å uttale seg på enn dei frå akuttinstitusjon. Konteksten i ein akuttinstitusjon er og annleis enn i ein langtidsinstitusjon. Ungdomen veit at ein i utgangspunktet skal flytte innan seks veker. Der er ikkje same fokus på behandling som i ein langtidsinstitusjon, men meir på observasjon og kartlegging.

På same tid viser Bufdir i sin faglege rettleiar for akuttarbeid (Bufdir, 2015a) til fleire kvalitetsmål for god praksis. Kvalitetsmåla legg mellom anna vekt på at: Tiltak skal vere tilpassa barnet sitt behov, barnet sin medverknad og informasjon om eigen situasjon og framtid. Barnet skal ha tilgang på nødvendig helsehjelp, inklusiv hjelp med reaksjonar dei eventuelt har på t.d. omsorgsvikt. Barnet skal oppleve å bli teke godt vare på, behandla med respekt, og oppleve mindre stress og uro. Barnet skal få hjelp med det som er vanskeleg og hjelp med dei emosjonelle problema det har som følge av omsorgsvikt eller liknande, når dei er i akuttsituasjonen (Bufdir, 2015a).

Innhaldet i den faglege rettleiaren, viser etter mi meining ynskje om eit fagleg fokus i akuttarbeidet med band til det teoretiske og empiriske grunnlaget mitt for denne oppgåva. I lys av teorigrunnlaget og empirien eg viser til, meiner eg at erfaringane til ungdomane er relevante og kan overførast utover dei isolerte historiene ungdomane fortel om og type institusjon dei har erfaring frå. Det kan vere like mange historier om korleis det er i institusjon som det er barn i institusjonane. Trass tid i- og type institusjon ungdomane har erfaring frå, ser eg på informasjonen frå dei som både gyldig, relevant og overførleg for å svare på problemstillinga mi.

## **Informantrekruttering**

I starten hadde eg utfordringar med å skaffe informantar til oppgåva. Samarbeidet med eit barnevernkontor der barnevernskuratorar prøvde å rekruttere informantar frå si klientgruppe, førte ikkje fram. Grunnlaget for at samarbeidet med barnevernstenesta ikkje førte fram er uklart. Det kan tenkjast at det heng saman med måten eg informerte og kommuniserte prosjektet gjennom teamleiaren til barnevernskuratorane og korleis kuratorane forstod og kommuniserte prosjektet vidare til potensielle informantar. Det er mange ledd i kjeda der avstanden mellom meg som forskar og kontaktpersonane var stor. Då eg nytta eige nettverk i institusjon, førte dette raskt til informantar. Eg nytta kontaktpersonar som gjennom jobb er knytte til institusjonar, eller kontaktpersonar som har hatt profesjonelle relasjonar til ungdomar tidligare busette i institusjon. Ein kan tenke at innsikta i problematikken og dermed motivasjonen for prosjektet er høgare for dette kontaktleddet enn for ein som er kurator i barnevernet og som eg ikkje har relasjon til. Om motivasjonen er større, kan ein tenke at informasjonen om prosjektet blei formidla til ungdomane på ein anna måte. Desse kontaktane hadde eit anna grunnlag for å gå god for meg som person overfor informantane. Det kan ha ført til at ungdomane opplevde det som trygt å seie ja til å delta.

Det kan og tenkast at ungdomane eg fekk intervjuet i utgangspunktet hadde fått bearbeidd erfaringane sine, dei hadde mindre problem med å møte nye folk, betre evne til å bygge relasjon og var mindre prega av opplevingane og livserfaringane sine enn dei ungdomane eg ikkje fekk snakke med. Trass i at ein kan spørje om eg har fått snakka med ungdom med dei største utfordringane, er mi oppfatning at informantane i utvalet har erfaringar som gjer dei relevante å snakke med. Opplevingane til mine informantar har verdi i høve til korleis ein ser på bruken av kunnskap og haldningar i møte med ungdom i institusjon. Dei fleste ungdomane eg snakka med har negative erfaringar frå institusjon. Men dei har og positive opplevingar med nokre eller fleire i personalet, eller i nokre tilfelle alle i personalet. Om utvalet mitt er meir velfungerande og mindre prega av erfaringane sine i møte med andre menneske enn ungdomane eg ikkje fekk snakke med, vil dette kunne påverke eksternvaliditeten i oppgåva. Oppgåva gir ikkje informasjon om meir enn ein liten del av målgruppa.

Det kan naturleg nok vere fleire årsaker til at mange kvir seg for å snakke om erfaringane sine i institusjon. Det kan t.d. kome av at det er tabu og knytt skam til å vere i eller ha budd i institusjon. Det kan og tenkjast at å unngå, som i seg sjølv er eit traumesymptom (Anstorp & Benum, 2014), gjer at ungdomar som opplever dei verste konsekvensane av eigen oppvekst

ikkje orkar å forhalde seg til ein intervjusituasjon. Det kan og handle om at ungdomane var godt informerte, førebudde og/eller at det var lett å snakke då intervjusituasjonen og spørsmåla som blei stilte var ”ufarlige” i forhold til forventningane. Det sentrale er at ungdomane meinte det var viktig å få fram eigne stemmer i diskusjonen kring korleis livet er i institusjon. Alle uttrykte at dei såg verdien i prosjektet og at dette var viktig for andre som skal bu eller arbeide i institusjon. Ein slik motivasjon kan i seg sjølv bidra til at frykta ungdomane kan ha hatt for å bli med i prosjektet gjekk over.

### **Er informasjonen mulig å generalisere?**

Det er mulig å generalisere informasjonen i denne oppgåva, sjølv om det er få deltakarar og at dei hovudsakleg er rekrutterte frå akuttinstitusjonar. På same tid er ikkje mitt kvalitative materiale råd å kvantifisere og har ikkje statistisk verdi for andre i same situasjon. I materialanalysen har eg valt kategoriar og funn som gjer kunnskapen eksplisitt. Då er det opp til lesaren sjølv å dømme om i kor stor grad kunnskapen kan generaliserast. Ein kan då skilje mellom forskar- og lesarbasert generalisering (Kvale & Brinkmann, 2009). I forskarbasert generalisering beskriv forskaren resultata i tillegg til å argumentere for korleis materialet er generaliserbart. I lesarbasert generalisering kan lesaren ut frå forskaren sine beskrivingar, vurdere om resultata kan generaliserast til ein ny situasjon. Mitt materiale kan vere overførbart i forhold til mi analyse av kva faktorar som kan bidra til å skape trygging og tillit, kva faktorar ungdomane rapporterer å bidra til relasjonsbygging og korleis intervjuobjekta opplever møta med dei vaksne i institusjon. Dette er informasjon som gjeld spesifikt for dei eg har snakka med, men kan også gi auka innsikt i faktorar, haldningar og system i institusjonar og organisasjonar ein bør rette merksemd mot. Informasjonen er og mulig å overføre når det gjeld merksemd på og kunnskap om ungdomar si oppleving av korleis tilsette nyttar kunnskap i institusjonsarbeidet. Generaliseringa er teoretisk og kan skape hypoteser for vidare forskning. Ein vidarefører tankemønster, perspektiv og forståing, ikkje empiri og talmateriale. På same tid måler eg mine resultat mot tidlegare forskning gjort på same tema. Dette kan vere med på å tydeleggjere kva resultat som kan overførast.

Kunnskapen ein får ut av ein intervjusituasjon er kontekstuell (Kvale et al., 2014). Om eg ikkje klarer å knyte god kontakt med ungdomane før og under intervjuet, kan ungdomen t.d. reagere med å ikkje vere open om sårbare forhold. Relasjon og samspel mellom meg og informantane definerer kva kunnskap som blir produsert og kjem ut av intervjuet (ibid). At kunnskapen blir produsert i ein relasjon, viser og i kor stor grad kunnskapen ein sit igjen med

etter eit intervju, er kontekstuell (ibid). Kunnskapen ein oppnår i denne situasjonen kan ein ikkje automatisk overføre til ein annan situasjon. Den kan ikkje gjentakast i ein annan kontekst (ibid). I særskilt eitt av tilfella har det vore utfordrande å knyte nok tillit og band til informanten til at eg vurderte ungdommen som heilt trygg. Eg opplevde at det gjekk seg til undervegs, men eg hadde helst sett at vi fekk litt lenger tid til å samkøyre oss før vi tok til på intervjuet. Om vi hadde gått ein tur eller liknande i forkant av intervjuet, kunne dette gjort intervjusituasjonen lettare. På den andre sida kan slik aktivitet bidra til forvirring med tanke på forskarrolla mi. Gjennom alle intervju har det vore vesentlig å vere bevisst på balansegangen mellom rolla som forskar og rolla som terapeut.

### **4.3.2 Reliabilitet**

Omgrepet reliabilitet viser til kor påliteleg informasjonen ein sit igjen med frå ei datainnsamling er. God reliabilitet kan tyde på at informasjonen i så liten grad som mulig er prega av tilfeldige målingsfeil (Kleven, Tveit, & Hjordemaal, 2011).

#### **Rapportering i notid vs rapportering i retrospekt**

Nokre informantar er intervjuar om erfaringane sine i retrospekt og andre har snakka om erfaringane sine i notid. Tidsperspektivet kan bidra til variasjonar i informasjonen eg sit att med. Ein kan tenke at informantane som bur i institusjon under intervju har større terskel for å fortelje om negative erfaringar, då dei er redde for at informasjonen kan gi negative konsekvensar for dei. Ein kan og tenkje at desse informantane opplever institusjonen no og at dei derfor kan skildre meir nøyaktig korleis dei opplever institusjonen utan at forteljningane er tidspåverka. Ungdomane som snakkar i retrospekt har hatt høve til å reflektere over tida i og etter institusjon. Det kan gi eit meir nyansert bilete. På den andre sida kan dei gi eit meir unøyaktig bilete enn dei som rapporterer i notid.

I intervjuet spør eg i kor stor grad ungdomane opplever tillit og tryggleik i og til institusjonen, relasjon dei til tilsette, om dei tilsette klarer å bidra til å regulere eller aktivere emosjonar. Ungdomane sine oppfatningar av desse spørsmåla kan endre seg over tid. Dette er noko eg ikkje kan uttale meg om i og med at informasjonen eg har er avgrensa til situasjonen og konteksten vi var i då vi snakka saman. Potensielt kunne eg og fått informantar frå langtidsinstitusjon med mindre butid enn to månader. Det hadde gitt ungdomen eit mindre erfaringsgrunnlag å uttale seg på enn mine informantar. Grunnlaget kunne etter mi meining

likevel gitt meg som forskar verdfull kunnskap. Eg er ute etter ungdomen si oppleving av eigen situasjon der dei er no, uavhengig av lengde på opphald. Eg ser derfor kunnskapen frå informantane i denne oppgåva som relevante uavhengig av type institusjon og lengd på opphaldet.

### **Forforståing**

Når eg i spørsmåla mine er ute etter å sette lys på tillit/tryggleik, relasjon og emosjonsregulering, er det ikkje sikkert at informantane ser koplinga mellom det dei svarar på og det eg er ute etter. Som forskar har eg både eit teoretisk- og eit erfaringsgrunnlag for problemstillinga. For informantane mine eksisterer ikkje det teoretiske utgangspunktet eller konteksten eg ynskjer å plassere informasjonen deira i. Dette kan føre til at vi snakkar om ulike ting når vi trur vi snakkar om det same. I samtalane om ungdomane sine erfaringar er det derfor sentralt for forskaren å ha eit ope sinn og så langt det er mulig legge vekk forforståing.

Mi forforståing har i utgangspunktet hatt stor innverknad både på temaval, teorigrunnlag og intervju spørsmål, intervjusituasjonen og analysen. Etter mange år i arbeid med ungdom i institusjon og bufellesskap, har eg både positive og negative erfaringar å bygge på. Mange av erfaringane har gjort at eg oppfattar at det er utviklingspotensiale i arbeidet med ungdom i norske barnevernsinstitusjonar. Kunnskapsutviklinga i praksisfeltet har gjort meg nysgjerrig på tilknytning-, traume- og emosjonsperspektiv i møte med ungdom. Den har bidrege til at eg har undra meg over kva påverknad kunnskapen kan ha på feltet. Erfaring med åtferdsterapeutiske arbeidsmetodar i institusjon har og merkt oppfatninga mi om desse metodane sine styrkar. Det gjeld sosial trening og fokus på nettverk, men og avgrensingane dei har når det gjeld å bearbeide og forholde seg til det som ligg bak åtferda.

Det var ei utfordring å ikkje føre intervjuet i retningar som blei bestemt av forforståinga mi. Utgangspunktet var ein stor motivasjon for å lyssette på problematikken både når det kjem til teoretisk grunnlag, men og i at eg er nysgjerrig på om institusjonane er så gode som dei har potensial til å vere. Eg har derfor sett det som viktig å ha fokus på eigen forforståing i intervjusituasjonen. Målet var å la ungdomane styre samtalen og innhaldet, ikkje mine forventninga til deira historier. Nokre av ungdomane hadde berre positive erfaringar i institusjon. Det overraska meg. Dei fleste hadde likevel varierende erfaringar. Det var viktig å la alle ungdomane fortelje sine historier og styre samtalen, uavhengig av mine

forventningar. Som tidlegare nemnt i metodekapittelet, gjennomførte eg arbeidet med analyse og resultat to gongar. Det på grunn av at eg laga kategoriene eg ville dele informasjonen inn i, ut frå intervjuguiden ikkje ut frå kva ungdomane faktisk fortalte. Då eg oppdaga at forforståinga mi hadde tvinga sitata til ungdomane i bestemte kategoriar, valde eg derfor å gjere heile arbeidet på nytt. Eg oppfattar ikkje at kategoriendringa av kategoriar forandra informasjonen ungdomane kom med. Eg var likevel bekymra for at eg skulle tolke utsegnene deira i feil kontekst. På same tid innser eg at forforståing har farga måten eg tolka det ungdomane fortalde og på måten eg har presentert resultat. Arbeidet med tidlegare forskning har justert det eg no ser var ei einseitig oppfatning. Det hjelpte meg til å sjå fakta. På same tid har eg vore bevisst på å ha eiga stemme og meining i diskusjonsdelen. Bakgrunn og erfaringar spelar ei rolle i konklusjonsvalet. Forforståinga har derfor farga tolkinga og resultatpresentasjonen.

### **Er informasjonen til å stole på?**

Ei anna utfordring for reliabilitet er om informantane mine snakkar sant i intervjusituasjonen. Eg opplevde at dei fleste raskt viste meg og rolla mi tillit i intervjuet. Ein av ungdomane brukte lengre tid på å slappe godt av i situasjonen. Eg informerte om informantrettane som og mine plikter som forskar. I tillegg hadde vi ein samtale der vi diskuterte kvifor det er viktig å sette lys på ungdomane sine eigne opplevingar i institusjon. Mi oppleving var at det med bakgrunn i desse samtalanene, blei skapt ei god ramme. Ungdomane opplevde det trygt å seie sanninga og dele sine historier. Dei var ute etter å fortelje om sine erfaringar, kva som fungerte for dei og kva som ikkje fungerte på og i institusjonane.

Dei fleste ungdomane har i overvekt positive assosiasjonar til tilsette dei har møtt i institusjonane. Ungdomane som hadde positive assosiasjonar til tilsette, hadde erfaringar og observasjonar av andre ungdomar med negativt forhold til dei same tilsette. Dei gav altså ikkje eit einseitig bilete av totalsituasjonen på institusjon, men av eigen situasjon. Ungdomane var og klare på at dei tilsette er ulike og kva som utgjer desse forskjellane. I tilfelle informasjonen var einseitig, var dette positivt for dei vaksne. Ein kan tenkje at informantane som med erfaringar som presenterer denne informasjonen berre har fokus på det positive. Eller så ynskjer dei ikkje å sette fokus på det som var negativt. Det kan tenkast at dette var ungdomar som ikkje ville fortelje om negative erfaringar med miljøterapeutane. Dette kan vere spesielt aktuelt for ungdomane som budde i institusjon eller framleis er tilknytt

barnevernet. Dei framleis er avhengige av systemet dei fortel om. Alle informantane reflekterte godt kring forholdet til dei vaksne i institusjon.

## 5 Konklusjon

Alle ungdomane i oppgåva fortel at dei har gode tankar og minne om institusjonane dei bur eller har budd i. Nokre har berre gode opplevingar, medan dei fleste også har negative erfaringar knytt til korleis dei blir møtte av tilsette i institusjonen. Mykje av det ungdomane rapporterer, er knytt til opplevingar med og relasjon til enkeltpersonar, meir enn det er knytt opp mot eit system. Dei rapporterer at dei ynskjer å knyte band med opne, erlige, ekte vaksne som gjerne har samanfallande interesser og humor. Ungdomane rapporterer at dei ikkje ser på dei tilsette som terapeutar. Dei blir i større grad sett på som omsorgspersonar. Andreassen (2003) har eit sterkt fokus på å trekke miljøterapien og behandlinga i institusjon mot det evidensbaserte og dei medisinske modellane for behandling. Eg er einig i at ein må streve etter å gjere miljøterapien meir kunnskaps- og evidensbasert. På same tid meiner eg ein ikkje kan gløyme at ein arbeider med menneske ikkje maskinar der ein kan føresjå åtferd og handling. Ein kan i miljøterapien som Aarre (2010) trekk fram frå psykiatrien i tillegg til det evidensbaserte, sjå nærare på kva i det uspesifikke som bidreg til endring. Ein kan sjå kva faktorar i relasjon og nye erfaringar som bidreg til positiv utvikling og endring. Kan det tenkjast at dette kan vere eit bidrag til god behandling i barnevernsinstitusjonar?

Ungdomane i denne oppgåva uttrykkjer slik eg tolkar det, at dette krev mykje av dei profesjonelle vaksne og av systema i institusjon. Eg meiner institusjonane bør legge til rette for å vere opne og villige til å møte kvar enkelt ungdom uavhengig om dei klarar å tilpasse seg forventningane i systemet. I tillegg kan det tenkjast slik barnevernsproffane også etterspør, at spesialisthelsetenesta i større grad bør vere på plass i institusjonane der ungdommane bur. Då får dei som treng det også lettare tilgang til spesialisert hjelp (Halvorsen, 2015). Om spesialkompetansen er i institusjonane, kan fagpersonane som arbeider tett på kvar enkelt ungdom også få tilgang til kompetansen til spesialisthelsetenesta. På denne måten kan ein når det er naudsynt, i samarbeid utvikle spesialiserte tiltak i barnevernsinstitusjon. Med fokus på både emosjonsgrunnlaget, og emosjonsuttrykka. Andreassen (2003) hevdar at behandlinga må vere individuelt tilpassa. Ungdomane i resultatane mine uttrykkjer behov for individuell tilpassing for å utvikle tillit og tryggleik, og for å oppnå utvikling og endring.

Slik eg ser det treng feltet å sjå nærare på kva faktorar som bidreg til behandling, endring og utvikling i rammene av norske barnevernsinstitusjonar. Ein bør etter mi meining sjå nærare

på samanhengen mellom korleis ungdomane oppfattar institusjonen og dei tilsette og kva faktorar i dette samspele som bidreg positivt og negativt i eit institusjonsforløp. Ein bør og sjå nærare på korleis positive og negative syklusar i samspelet mellom ungdomar og tilsette spelar inn på utviklingspotensialet til ungdomar i institusjon. Eg meiner at der bør vere eit sterkt fokus på tilsette si rolle. Kva faktorar med dei vaksne som bidreg til vekst og utvikling og kva som bidreg negativt for den enkelte ungdom. Sist men ikkje minst meiner eg det er viktig å få fram stemmene til born og unge som bur eller har budd i institusjon for å gjere det mulig å lage så gode tilbod som råd, for dei som treng det.

# Litteraturliste

- Achenbach, T. (2016). ASEBA. 2016. 24.03. Henta frå <http://www.aseba.org>
- Andreassen, T. (2003). *Behandling av ungdom i institusjoner: hva sier forskningen?* Oslo: Kommuneforlaget.
- Andreassen, T. (2005). *Den "mest effektive" behandlingsmetode i institusjon for ungdom med antisosial atferd.* Bergen: Fagbokforlaget.
- Anstorp, T., & Benum, K. (2014). *Traumebehandling: komplekse traumelidelser og dissosiasjon.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Antstorp, T., & Benum, K. (2014). Hva trenger terapeuten for å gi god traumebehandling? I T. Anstorp, Benum, Kirsten (Red.), *Traumebehandling. Komplekse traumelidelser og dissosiasjon.* (s. 19-38). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bath, H. (2008a). Calming Together: The Pathway to Self-Control. *Reclaiming Children and Youth: The Journal of Strength-based Interventions*, 16(4), 44-46.
- Bath, H. (2008b). The Three Pillars of Trauma-Informed Care. *Reclaiming Children and Youth: The Journal of Strength-based Interventions*, 17(3), 17-21.
- Benum, K. (2006). Når tilknytningen blir traumatisert. En psykologisk forståelse av relasjonstraumer og dissosiasjon. I T. Anstorp, K. Benum, & M. Jakobsen (Red.), *Dissosiasjon og relasjonstraumer: integrering av det splittede jeg.* (s. 22-41). Oslo: Universitetsforlaget.
- Benum, K. (2014). Tidlig traumatisering og heling i den terapeutiske relasjonen. I T. Anstorp & K. Benum (Red.), *Traumebehandling. Komplekse traumelidelser og dissosiasjon.* (s. 52-76). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bowlby, J. (1971). *Attachment and loss. Volume 1: Attachment.* Harmondsworth: Penguin.
- Bowlby, J. (1973). *Attachment and loss. Volume 2 : Separation: anxiety and anger.* London: Hogarth Press.
- Bowlby, J. (1988). *A secure base: parent-child attachment and healthy human development.* New York: BasicBooks.
- Bufdir. (2005). Behandling av ungdom i institusjoner hva sier forskningen? 2016. 22.02. Henta frå <http://www.bufdir.no/nn/Bibliotek/Dokumentside/?docId=BUF00000362>
- Bufdir. (2010). *Kvalitet i barnevernsinstitusjoner.* Oslo: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.
- Bufdir. (2015a). Akuttarbeid - faglig veileder. 2016. 15.03. Henta frå <http://www.bufdir.no/Barnevern/Fagstotte/Akuttarbeid/Akuttveileder/>
- Bufdir. (2015b). Barnevernsinstitusjoner. 2015. 17.12. Henta frå [http://www.bufdir.no/Barnevern/Tiltak\\_i\\_barnevernet/Barnevernsinstitusjoner/](http://www.bufdir.no/Barnevern/Tiltak_i_barnevernet/Barnevernsinstitusjoner/)
- Bufdir. (2015c). Barnevernsstatistikk. 2015. 24.11. Henta frå [http://www.bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/Barnevern/](http://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnevern/)
- Bunkholdt, V., Larsen, E., & Storø, J. (2010). Er institusjonen alltid et onde, og familien alltid et gode? *Tidsskriftet Norges barnevern*, 87(03), 166-181.
- Byers, A. N., & Lutz, D. J. (2015). Therapeutic Alliance With Youth in Residential Care: Challenges and Recommendations. *Residential Treatment for Children & Youth*, 32(1), 1-18. doi:10.1080/0886571X.2015.1004285
- Chama, S., & Ramirez, O. (2014). Young People's Perceptions of a Group Home's Efficacy: A Retrospective Study. *Residential Treatment for Children & Youth*, 31(2), 120-134. doi:10.1080/0886571X.2014.918442
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene.* Oslo: Abstrakt forlag.

- Dalen, M. (2004). *Intervju som forskningsmetode: en kvalitativ tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dunn, D. M., Culhane, S. E., & Taussig, H. N. (2010). Children's appraisals of their experiences in out-of-home care. *Children and Youth Services Review*, 32(10), 1324-1330. doi:10.1016/j.childyouth.2010.05.001
- Fonagy, P., Steele, M., Steele, H., Moran, G. S., & Higgitt, A. C. (1991). The capacity for understanding mental states: The reflective self in parent and child and its significance for security of attachment. *Infant Mental Health Journal*, 12(3), 201-218. doi:10.1002/1097-0355(199123)12:3<201::AID-IMHJ2280120307>3.0.CO;2-7
- Grimen, H. (2008). Profesjon og tillit. I A. Molander & L. I. Terum (Red.), *Profesjonsstudier* (s. 71-86). Oslo: Universitetsforlaget.
- Gross, J. J. (2014). *Handbook of emotion regulation* (2nd ed.). New York: Guilford Press.
- Hagen, M. B., Da Silva, B. A., & Thelle, M. I. (2016). *Traumebevisst omsorg i psykisk helsearbeid : fra et tilknytningsteoretisk perspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Halvorsen, P. (2015). Vi har ikke psykiske lidelser vi har det vondt. 2015. 14.07. Henta frå <http://www.psykologforeningen.no/foreningen/nyheter-og-kommentarer/aktuelt/vi-har-ikke-psykiske-lidelser-vi-har-det-vondt>.
- Helseforskningsloven, (2009). Lov om medisinsk og helsefaglig forskning. 2016. 15.03. Henta frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-20-44#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-20-44#KAPITTEL_4).
- Kayed, N. S., Jozefiak, T., Rimehaug, T., Tjeflaat, T., Brubak, A.-M., & Wichstrøm, L. (2015). *Psykisk helse hos barn og unge i barneverninstitusjoner*. Trondheim: NTNU. Regionalt kunnskapssenter for barn og unge.
- Kjelsberg, E., & Nygren, P. (2004). The prevalence of emotional and behavioural problems in institutionalised childcare clients. *Nordic Journal of Psychiatry*, 58(4), 319-325. doi:10.1080/08039480410005846.
- Kleven, T. A., Tveit, K., & Hjordemaal, F. (2011). *Innføring i pedagogisk forskningsmetode en hjelp til kritisk tolking og vurdering*. Oslo: Unipub.
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M., & Rygge, J. (2014). *Det kvalitative forskningsintervju* (2. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Larsen, E. (2004). *Miljøterapi med barn og unge: organisasjonen som terapeut*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Llosada-Gistau, J. M., Carme. Casas, Ferran. (2014). The subjective well-being of adolescents in residential care compared to that of the general population. . *Children and Youth Services Review*, 52(May), 150-157.
- Malt, U. F., Retterstøl, N., & Dahl, A. A. (2003). *Lærebok i psykiatri* (2. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Malterud, K. (2003). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning: en innføring* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Mota, C., & Matos, P. (2015). Adolescents in Institutional Care: Significant Adults, Resilience and Well-Being. *Journal of Research and Practice in Children's Services*, 44(2), 209-224. doi:10.1007/s10566-014-9278-6.
- Nordanger, D. Ø. (2014). Nevrobiologi som veiviser for traumearbeid. I T. Anstorp, Benum, Kirsten (Red.), *Traumebehandling. Komplekse traumelidelser og dissosiasjon*. (s. 40-51). Oslo: Universitetsforlaget.
- Nordanger, D. Ø., & Braarud, H. C. (2014). Regulering som nøkkelbegrep og toleransevinduet som modell i en ny traumepsykologi. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 51(7), 531-536.

- Phillips, D. C., & Soltis, J. F. (2000). *Læring: teorier og prinsipper for læring*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Rambøll. (2010). *Brukerundersøkelse blant barn i statlige og private barneverntiltak*. Oslo: Rambøll.
- Rambøll. (2011). *Brukerundersøkelse blant barn i statlige og private barneverntiltak*. Oslo: Rambøll.
- Rambøll. (2014). *Brukerundersøkelse blant barn i statlige og private barneverntiltak*. Oslo: Rambøll.
- Rauktis, M., Fusco, R., Cahalane, H., Bennett, I., Reinhart, S., & Rauktis, M. (2011). "Try to make it seem like we're regular kids": Youth perceptions of restrictiveness in out-of-home care. *Children and Youth Services Review*, 33(7), 1224-1233. doi:10.1016/j.childyouth.2011.02.012.
- Reichenberg, L. W. (2013). *DSM-5 Essentials: The Savvy Clinician's Guide to the Changes in Criteria*. Hoboken: Wiley.
- RVTS-Sør. (2014). Handlekraft. 2014. 26.05. Henta frå <http://www.handle-kraft.no>
- Schore, A. N. (1994). *Affect regulation and the origin of the self: the neurobiology of emotional development*. Hillsdale, N.J: L. Erlbaum Associates.
- Shaver, P. R., & Mikulincer, M. (2014). Adult Attachment and Emotion Regulation. In J. J. Gross (Red.), *Handbook of emotion regulation* (2nd. ed.). (s. 237-250). New York: Guilford Press.
- Skårderud, F., & Sommerfeldt, B. (2013). *Miljøterapi boken: mentalisering som holdning og handling*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Soenen, B., D'Oosterlinck, F., & Broekaert, E. (2013). The voice of troubled youth: Children's and adolescents' ideas on helpful elements of care. *Children and Youth Services Review*, 35(9), 1297-1304. doi:10.1016/j.childyouth.2013.05.005
- Stamnes, J. H., & Moe, B. A. (2007). Aggression replacement training. *Tidsskrift for norsk psykologiforening*, 44(8), 1019-1021.
- Thagaard, T. (2006). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitativ metode* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Tjelflaat, T., & Ulset, G. (2007). *Barn og unges medvirkning i barneverninstitusjon Et forskningsbasert temahefte*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning AS. Barnevernets utviklingssenter.
- Torsteinson, S., Brandtzæg, I., & Powell, B. (2010). Circle of security som forebyggende intervensjon i spesialisthelsetjenesten. I S. Torsteinson, I. Brandtzæg og B. Powell (Red.). *Håndbok i sped- og småbarns psykiske helse*. (s. 721-742). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Ulset, G., & Tjelflaat, T. (2012). *Tvang i barneverninstitusjoner. Ungdommenes perspektiver*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning AS. Barnevernets utviklingssenter.
- Van der Kolk, B. A. (2005). Developmental Trauma Disorder. *Psychiatric Annals*, 35(5), 401-408.
- Vikan, A. (2014). *Innføring om emosjoner*. Trondheim: Akademika forlag.
- Weisæth, L. (2000). Traumarelaterte lidelser. I L. D. Weisæth, O. Steffen (Red.), *Psykisk helse* (2. utg.), (s. 205-236). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Young, E. a. (2014). *Evaluering Handlekraft*. Kristiansand: RVTS-Sør.
- Aarre, T. F. (2010). *Manifest for psykisk helsevern*. Oslo: Universitetsforlaget.

# Vedlegg 1

## Samtykkeerklæring

Eg samtykker at eg ynskjer å delta i denne undersøkinga



Underskrift:

Samtykkeerklæringa skal returnerast i vedlagt konvolutt til Reidar Haug, vikebygdvegen 16, 6103 Volda.

## Vedlegg 2

### **Informasjon og samtykke – ungdom som bur eller har budd i barnevernsinstitusjon.**

Namnet mitt er Reidar Haug. Eg er utdanna barnevernspedagog og har arbeidd i institusjon og i bufellesskap i 10 år. No er eg Masterstudent på ”psykososialt arbeid, vald og traumatisk stress” ved Universitetet i Oslo. Det eg er opptatt av er korleis born og ungdom som bur i norske barnevernsinstitusjonar har det. Med det meiner eg om vi som arbeider i institusjonar og bufellesskap klarer å møte det som er vondt eller vanskelig på ein måte som du opplever er bra. Eg ynskjer derfor å spørje deg om du kan tenkje deg å snakke med meg om dine erfaringar.

Informasjonen du gir meg vil eg bruke i Masteroppgåva mi som har som mål å få meir innsikt i korleis ungdom opplever møta med vaksne i institusjon. Dette kan gjere det mulig å diskutere korleis vaksne bør møte born i barnevernsinstitusjonar. Grunnen til at eg meiner det er viktig å høyre korleis du opplever/opplevde å ha det på institusjon er fordi det er du som kan mest om dette.

All informasjon du gir meg vil bli behandla konfidensielt. Det vil seie at det du fortel til meg vil eg skrive på ein måte som gjer at ingen kan kjenne deg igjen. I oppgåva vil navnet ditt og navnet på institusjonen du er tilknytta bli erstatta med ei kode. Samtalen vil bli tatt opp med lydopptakar. Desse opptaka vil bli låst inne og sletta etter at oppgåva mi er levert og vurdert. Eg har og teieplikt. Det betyr at eg ikkje kan dele informasjonen du gir meg med nokon, verken til dei som jobbar på institusjonen du bur eller har budd på, eller andre. På same tid er det viktig at du veit at om du gir meg informasjon om noko som er farlig for deg er eg forplikta til å seie ifrå til nokon som kan hjelpe deg. Det er frivillig å delta i prosjektet mitt. Om du seier ja til å vere med kan du når som helst trekke deg og utan å gi meg ein grunn for det. All informasjon om deg blir sletta etter at eg har levert og fått vurdert oppgåva sommaren 2016. Prosjektet er godkjent av Personvernombudet Norsk samfunnsvitenskaplige datatjeneste (NSD).

Ønskjer du meir informasjon eller har spørsmål ta kontakt på e-post:

[r.e.haug@studmed.uio.no](mailto:r.e.haug@studmed.uio.no) eller telefon 99574909.

Veileidar: Egil Nygaard postdoktor UIO. [egilny@psykologi.uio.no](mailto:egilny@psykologi.uio.no) Tlf: 41291922

Beste helsing

Reidar Haug.

## Vedlegg 3

### Intervjuguide.

I dette prosjektet vil eg sjå på korleis ungdom i institusjon opplever at dei vaksne profesjonelle møter åtferd og følelsemessige reaksjonar ungdom viser som konsekvens av omsorgsvikt, tilknytningsskadar og relasjonstraumer. Eg har omdanna fokus i teori til tre hovudomgrep eg spør etter i dette intervjueskjemaet. Kategoriane er Tillit/tryggheit, relasjon og emosjonsregulering (regulering av følelsar) . Som intervjuar har eg taushetsplikt overfor all informasjon eg får høre under intervjuet. Alle som blir intervjuet vil bli anonymisert, det vil seie det vil ikkje bli mulig å kjenne igjen dei som blir intervjuet i det materialet som blir publisert. Intervjuet vil bli tatt opp med lydopptakar. Alle som skal intervjuast må skrive under på samtykkeskjema i forkant. Det er når som helst mulig å trekke seg frå prosjektet fram til publisering.

Tema	Eg er ute etter	spørsmål
Innleiing		Kor lenge har du budd i institusjon osv.
<b>Tillit/tryggheit</b>	<b>Har institusjonen klart å skape ein trygg base for ungdommen? (Oppleving av fysisk tryggheit)</b>	Korleis opplevde du å kome til ” namn på institusjon”? Korleis tok dei vaksne imot deg?
		Har oppfatninga av institusjonen endra seg undervegs, i tilfelle på kva måte? (Betre/verre)
		Kan du beskrive kva tankar(følelsar) som kjem fram når du tenkjer på ” namn på institusjonen” og folka som er der?
	<b>Forutsigbarheit/Ærligheit/</b>	Veit du kven som er på

	<b>Oversikt over eigen situasjon.</b>	”inst namn” til ei kvar tid (personale og ungd) og kva som skal skje iløpet av dagen? Kva med i morgon, neste veke? Opplever du at du får den informasjonen du treng her? – Eigen situasjon, familie, vennar, framtidsutsikter, skule, fritid?
		Opplever du å bli hørt ang di meining om din egen situasjon?
<b>R.elasjon</b>	<b>Har ungd knytt seg til nokon av miljøterapeutane?</b>	Korleis har du fått kontakt med dei vaksne på institusjonen
	Tilknytningsstil, objektrelasjonskonstans.	Kva tenkjer du var det som gjorde/gjer at de fekk god kontakt?.
		/Event: Kva tenkjer du er grunnen til at du ikkje har fått god kontakt med nokon.
		Er det vaksne her du ikkje får kontakt med, eller du helst unngår? Kan du seie noko om kva som gjorde/gjer dette? (andre ungdommar)
		Oppfølging: Korleis

		reagerer du når ”den voksne” prøver å ta kontakt./fortelle deg kva du skal eller ikkje skal gjere? (andre ungdommar)
		Korleis reagerer ”den/dei voksne ” på at du reagerer slik/tykkjer dette er vanskelig? (andre ungdommar)
		Er der voksne du har hatt god kontakt med du ikkje likar lengre. Event kvifor
		Er der voksne du ikkje likte før som du likar no? Event kvifor?
<b>Emosjonsregulering</b>	Samregulering,	Har du opplevd situasjonar der du har vore redd på ”namn på inst”? Kan du seie noko om dette? Kva gjorde du da(kva, kvifor/korleis)
		Korleis reagerte dei rundt deg på at du var redd? Korleis påverka dette deg når du var redd?
		Har du opplevd situasjonar der du har vore glad på inst?
		Korleis reagerte dei rundt deg på at du var glad, korleis påverka dette deg ?

		Har du opplevd situasjonar då du har blitt sint på "namn institusjon" (kva, kvifor korleis.)Kva gjorde du da?
		Korleis reagerte dei rundt deg på at du var sint? Korleis påverka dette deg?
<b>Avslutting</b>		Er det noko meir du har lyst til å fortelle meg/legge til?

# Vedlegg 4

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Havald Hørlugen gate 2  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel. +47 55 58 21 17  
Fax. +47 55 58 96 50  
nsd@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no  
Org.nr. 905 321 884

Egil Nygaard  
Institutt for klinisk medisin  
Universitetet i Oslo  
Sognsvannsveien 21, bygning 12  
0372 OSLO

Vår dato: 13.08.2015

Vår ref: 44062 / 3 / 03

Deres dato:

Deres ref:

## TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 15.07.2015. Meldingen gjelder prosjektet:

44062	<i>Korleis opplever ungdom med relasjonstruemer i institusjon at dei sakens profesjonelle møter deira atferds- og følelsemessige reaksjonar.</i>
Behandlingsansvarlig	Universitetet i Oslo, ved institusjonens øverste leder
Daglig ansvarlig	Egil Nygaard
Student	Reidar Haug

Personvernombudet har vurdert prosjektet, og finner at behandlingen av personopplysninger vil være regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. Personvernombudet tilrår at prosjektet gjennomføres.


Personvernombudets tilråding forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.06.2016, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

  
Bjørn Henrichsen

  
Inga Brautaset

Kontaktperson: Inga Brautaset tlf: 55 58 26 35  
Vedlegg: Prosjektvurdering  
Kopi: Reidar Haug, Vikebygdvegen16, 6103 VOLDA

Auditingkontroll / Datasertifisering

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1095 Blindern, 0316 Oslo. Tel. +47 22 85 52 11. nsd@iuh.no  
TRONDHØIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7801 Sandnessveien. Tel. +47 73 59 21 07. itg@ntnu.no  
TRONDHØIM: NSD, SVU, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel. +47 77 64 43 36. nsd@uht.no

## Personvernombudet for forskning



### Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 44062

Formålet er få innsikt i hvordan ungdom opplever møtet med voksne i institusjon. Med utgangspunkt i dette kan man diskutere hva som skal være grunnlag for arbeid i institusjon og hvordan arbeidet kan utvikles videre.

Data innhentes ved individuelle intervju med ungdom i alderen 16-25 år som bor eller har bodd i barnevernsinstitusjon. Intervjudata registreres i form av lydopptak og transkripsjoner. Det registreres personopplysninger ved at informantens navn kobles til intervju. Informanten vil også kunne gjenkjennes indirekte, gjennom navn på institusjon, saksforhold, stemme mm.

#### REKRUTTERING

Barnevernsinstitusjonen skal opprette førstegangskontakt med utvalget, og kan (pga. taushetsplikten) ikke utlevere kontaktopplysninger til student/veileder før ungdommen har samtykket til dette. Studenten har selv erfaring fra arbeid i barnevernsinstitusjon, men skal ikke rekruttere egne klienter.

#### INFORMASJON OG SAMTYKKE

Utvalget informeres skriftlig om prosjektet og samtykker til deltakelse. Personvernombudet vurderer det slik at ungdom over 16 år kan samtykke på selvstendig grunnlag til deltakelse i prosjektet. Det er da svært viktig at frivilligheten presiseres ved rekruttering, og at informasjon gis slik at de forstår hva deltakelse innebærer (f.eks. at de får anledning til å stille spørsmål).

Vi vurderer informasjonsskrivet relativt godt utformet, men ber om at følgende endres/tilføyes:

- Eittersom det skal behandles personopplysninger underveis i prosjektperiode, kan det ikke stå at "all informasjon du gir meg vil vere anonym". Det bør heller at informasjonen behandles konfidensielt, og at i det skriftlige materialet vil navn på informanter og institusjoner erstattes med en kode som viser til en adskilt liste.
- Det må tilføyes at personopplysninger slettes ved prosjektslutt.
- Det bør også stå at ingen enkeltpersoner vil kunne gjenkjennes i oppgaven/publikasjon.
- Eittersom taushetsplikten ikke er helt absolutt (dvs. forsker kan komme i situasjoner med varslingsplikt), bør formuleringen om dette modereres noe. F.eks. at unntak vil gjelde dersom (...)
- Kontaktopplysninger til veileder Egil Nygaard må tilføyes.

Revidert informasjonsskriv skal sendes til [personvernombudet@nsd.uib.no](mailto:personvernombudet@nsd.uib.no) før utvalget kontaktes.

#### OPPLYSNINGER OM TREDJEPERSON

Under intervju kan det fremkomme identifiserbare opplysninger om ansatte ved institusjonen (tredjeperson). Personvernombudet legger til grunn at det bare registreres opplysninger om tredjeperson som er nødvendig for formålet med prosjektet, og at opplysningene ikke er sensitive. Studenten kan bidra til dette ved å snakke med informanten om det på forhånd, og styre intervjuet noe. I følge meldeskjema vil ansatte få muntlig informasjon om prosjektet. Det bør da informeres om at de har anledning til å reservere seg mot behandling av personopplysninger. Dvs. at dersom personopplysninger om ansatte skulle fremgå i opptak, vil studenten anonymisere opplysningene så snart intervju er avsluttet.

Det registreres sensitive personopplysninger om ungdommenes helseforhold, bl.a. at de bor/har bodd på barnevernsinstitusjon, kanskje også bakgrunnen for dette.

Vi minner om at sensitive personopplysninger skal lagres på sikker måte, fra datainnsamling til prosjektavslutning, fortrinnsvis på forskningsserver. Dersom personidentifiserende opplysninger skal lagres på mobile enheter (som opptaker, minnepenn, bærbar pc eller annet), bør de krypteres tilstrekkelig, og de bør slettes fra mobile enheter så snart opplysningene er overført til sikrere sted (evt. oppbevares innlåst som backup).

Personvernombudet legger til grunn at student og veileder følger Universitetet i Oslo sine interne rutiner for datasikkerhet.

#### PROSJEKTSLUTT

Forventet prosjektslutt er 01.06.2016. Ifølge prosjektmeldingen skal innsamlede opplysninger da anonymiseres.

Anonymisering innebærer å bearbeide datamaterialet slik at ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes.

Det gjøres ved å:

- slette eventuelle direkte personopplysninger (som navn/koblingsnøkkel)
- slette/omskrive indirekte personopplysninger (identifiserende sammenstilling av bakgrunnsopplysninger som f.eks. bosted/institusjon, alder, kjønn, spesielle saksforhold)
- slette lydopptak.